

Høyringsuttale (KF-239-FK)



Referansenummer: GWDWAF

Registrert dato: 05.04.2021 19:40:20

Innleiing

Opplysningar om innsendaren

Fødselsnummer

[REDACTED]

Førenamn

Arne Frode

Etternamn

Barsnes

Adresse

Lunnamyri 16k

Postnummer

6856

Poststad

SOGNDAL

Telefon

+4791146274

Epost

afbarsnes@sogn.no

Uttalen blir gjeven

Personleg

Uttale

Namnet på høyringssaka

Høyring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen

Nei

Uttale

Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under

Eg har min fulle uttale i eigne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg

Uttale til saka

Bør prioritere sykkelveger, og heller legge inn einvegskøyning fleire stader som Trolladalen, Leite i Sogndal. Lett tilgang til fjorden er veldig bra, og satse på fjordmiljøet. Her er det store utfordringer med forsøpling i fjorden, spesielt området Dampskipskaien, mot brua. Kaupanger frå gml sagbruket, innover mot Amla. Spesielt store mengder dekk frå kaianlegget Og Balestrand, er det fortsatt masse boss og spesielt dekk frå kaianlegget, 100 talls dekk.

Kommentarar til høyringsutkastet til *Samfunnsplan for Sogndal kommune*:

Generelt vil eg seie at dette er ein spanande og gjennomarbeidd plan med mange konkrete og gode føremål.

Når det gjeld Kap. 4 – Satsingsområde – Fruktbare tettstader, seiast det mykje om tettstadane – men eg saknar eit eige avsnitt om korleis ein skal få gode «aldersvennlege lokalsamfunn» for eldre som bur i krinsane. Ikkje alle eldre ynskjer å flytte til tettstadane, og mange har heller ikkje råd til å kjøpe leilegheit i t.d. Sogndal sentrum. I kapittelet om Aktiv livsstil, 4-h, er nemnt «Syte for transport.....» til dagtilbod og fritidstilbod. Dette er sær viktig, og kommunen må vere ein pådrivar for at Serviceskyssen for befolkninga i utkantane held fram.

Eit anna viktig poeng under Aktiv livsstil som er bra at planen nemner, er tilrettelegging av turløyper i heile kommunen. Det er også positivt at planen, i punkt 5-j, pålegg kommunen å sikre parkeringsplassar ved desse turløypene slik at folk frå heile kommunen har tilgang til løypene.

Så eit lite hjartesukk til slutt:

I siste del, Prinsipp for arealdelen av kommuneplanen, er det nokre punkt eg lurar litt på: I punkt 6 står «Konsentrere bygging av fritidsbustader til utfartsområde» og i punkt 24 «Unngå bygging på landbruksareal i heile kommunen.» Desse prinsippa har vel vore omtala i planar i Sogndal tidlegare, men som busett på Fimreite har ein opplevd at det ikkje vert følgt, og kommunen har siste året tillate slik fritidsbygging. Er det slik å forstå at Fimreite er rekna som eit «utfartsområde» der hyttebygging kan vidareutviklast?

Fimreite 6. mai 2021

Astrid Hildur Malmin

Fra: Merli, Einar [Einar.Merli@avinor.no]

Til: Postmottak Sogndal kommune [Postmottak@sogndal.kommune.no]

Kopi: Gjesdal, Kjell Otto [kjell.otto.gjesdal@avinor.no]; Hofstad, Finn Ove [Finn.Ove.Hofstad@avinor.no]

Sendt: 07.04.2021 13:26:02

Emne: Sogndal kommune - Høring - Kommuneplan for Sogndal kommune 2021-2030 - Samfunnsdelen - Uttalelse fra Avinor

Vedlegg: image001.png

Sogndal kommune

Vi viser til kommunens brev av 24.03.2021 (ref. 20/5054-36) vedrørende høring av samfunnsdelen av kommuneplan for Sogndal kommune 2021-2030.

Avinor har ingen merknader til planen.

Med vennlig hilsen

Einar K. Merli

Arealplanlegger, seksjon Masterplaner og arealdisponering

TEKNOLOGI, DRIFT OG INFRASTRUKTUR

einar.merli@avinor.no


Mob: +47 976 51 687

Tlf: +47 67 03 00 00

Dronning Eufemias gate 6

Postboks 150, 2061 Gardermoen

www.avinor.no



Høringsuttalelse (KF-239-FK)



Referansenummer: FTVSU3

Registrert dato:04.05.2021 12:16:34

Innledning	
Innsender	
Fødselsnummer [REDACTED]	
Fornavn Carlo Leandro	
Etternavn Aall	
Adresse Henjavegen 7	
Postnummer 6863	Poststed LEIKANGER
Telefon 99127222	
Epost caa@vestforsk.no	
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> Personlig	

Uttalelse
Navn på høringsaken <input checked="" type="radio"/> Høring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030
Har du/dere fått tilsendt høringsaken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Nei
Uttalelse <input checked="" type="radio"/> Jeg ønsker å helt eller delvis uttale meg i tekstfelt under <input type="radio"/> Jeg har min fulle uttalelse i egne dokumenter som jeg ønsker å laste opp som vedlegg
Uttalelse til saken Innspill 1: Kortreist mat og kortreist trivsel Parsellhage - dvs at innbyggere kan disponere en hageflekk utenom egen bolig/tomt - har tradisjonelt vært sett på som et "byfenomen", men er i ferd med å spre seg til bygder også (bl.a. Stryn). Med den økende grad av urbanisering i tettstedene i Sogndal, med innflyttere uten røtter fra "bygda" og mer urbane livsformer (blokk, rekkehus), kan dette være et satsningsområde for Sogndal. Målet bør være å etablere et parselltilbud i hver av tettstedene. Som innbygger i Leikanger foreslår jeg Nybø som første forsøk. Området nedenfor riksvegen, på kommunens arealer tilgrensende (rett vest for) Nybø barnehage er potensialet stort for en parsellhage. Her er det god dyrkingsjord (eplehage som idag leises ut til sauebeite), det er lett tilkomst for allmenheten (etablert parkeringsareal i forbindelse med friområdet), gode vanningsmuligheter (jordbruksvanning lagt opp på oppsiden av riksveien, brukes i dag av bl.a. Njøs næringsutvikling), og egnet til sambruk (kombinere besøk på stranda/bading med stell i hagen). Når erfaring er høstet med å etablere og få denne i drift kan man gå videre med å etablere tilsvarende andre steder i kommunen.

Innspill 2: Kortreist energi

Sogndal har blant landets beste klima med tanke på energibehov til oppvarming (høyst sum grader i løpet av et år), rik tilgang på sol, og rik tilgang på fjordvarme med store deler av bebyggelsen lagt langs fjorden. Dette burde innebære at kommunen er veldig godt stilt til å satse på kortreist energi til oppvarming av bygninger. Likevel, vi kan telle nærmest på én hånd antall bygninger som har slike alternative løsninger i kommunen. For å bedre denne situasjonen trengs et sett av politiske grep: Kommunen må være tøffere å stille krav om alternative energiløsninger ved både nybygg og større rehabiliteringer av private boliger, næringsbygg og offentlige bygg. Samtidig trengs det offentlig støtte til å stimulere til det som i mange tilfeller er en "propp" i systemet: Tilgang til rett og energismart utbyggingskompetanse hos de som utfører byggearbeidet (håndverkere og utbyggingsselskap). Arkitektsiden har i stor grad denne kompetansen, mens byggeiere vanskelig kan forventes å ha kunnskapen - men de må ha et ønske om å få på plass alternative løsninger. Slik situasjonen er i dag hjelper det imidlertid lite med slike holdninger, når kommunen på den ene siden ikke stiller strenge nok krav og håndverkere på den andre siden ikke har kunnskap om alternative løsninger. Målet må være et lavenergi og energikortreist Sogndal.

Innspill 3: Elsykkelbygda Sogndal

Det er en økende bruk av elsykler i Sogndal; ikke bare til fritidsbruk - men også til hverdagsbruk. Alt fra ukehandling til levering og henting av barn i barnehagen. Miljømessig og privatøkonomisk er det svært mye å hente at fossilbil-samfunnet går over til elsykkel-samfunnet heller enn el-bilsamfunnet. Men også her er det noen propper i systemet, og også her er det behov for litt tvang og litt politisk gulerot. Det må gjøres en systematisk gjennomgang for å sikre gode sykkel-transportårer i alle deler av kommunen, til både fritids- og hverdagstransport. Det må sikres gode parkeringsmuligheter (med tak og låsesystemer) for el-sykkel. Lading gjøres stort sett inne, i bolig eller på arbeidsplass, så her trengs det i mindre grad offentlig tilrettelegging (i motsetning til det som gjelder for el-biler). Og etter hvert som sykkelandelen øker må plass til bilparkering reduseres tilsvarende, noe som vil frigjøre store og verdifulle sentrumsarealer til annen bruk enn "død" bilparkering. Sykkelparkering kan gjøres svært effektivt i fler-etasjes sykkelparkeringshus. Kanskje kan Sogndal kopiere Oslo og innføre elsykkel-tilskudd, kanskje da avgrenset til store "laste-sykler" - dvs sykler som egner seg til barnetransport og storhandel. Det er også et uutnyttede potensiale på fritidsområdet. Det er faktisk mulig å el-sykle til turutgangspunkt for toppturer; taktisk i noen tilfeller er dette enklere enn med bil. Målet må være at Sogndal blir en el-sykkelbygd mer enn en el-bilbygd.

Høyringsuttale (KF-239-FK)



Referansenummer: 3CK3WC

Registrert dato: 07.05.2021 19:31:31

Innleiing

Opplysningar om innsendaren

Fødselsnummer

[REDACTED]

Førenamn

Christen

Etternamn

Knagenhjelm

Adresse

Jektestrondi 2

Postnummer

6854

Poststad

KAUPANGER

Telefon

92015658

Epost

christen@knagenhjelm.org

Uttalen blir gjeven

Personleg

Uttale

Namnet på høyringssaka

Høyring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen

Nei

Uttale

Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under

Eg har min fulle uttale i eigne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg

Uttale til saka

Som førre eigar av Kaupanger Hovedgård sender eg inn desse synspunkta.

Kaupanger Hovedgård stiller seg svært positive til arbeidet som er gjort med samfunnsplan for Sogndal kommune.

Som bedrift og samfunnsaktør er Kaupanger Hovedgård opptekne av at rammene som vet lagde for dei neste ti åra legg til rette for dei prioriteringar som er nødvendige for å realisere dei samfunnsmåla som er sett fram i utkastet.

Livskvalitet

Bustadpolitikk og bukvalitet heng saman. Livskvalitet i alle fasar av livet må vere eit gjennomgåande tema i all planlegging.

Kultur er også ein viktig del av livskvaliteten, og her har kommunen mange verktøy i verktøykassa.....

Kaupanger Stavkyrkje og området rundt Kaupanger er nasjonalt viktige, og arbeidet som no vert gjort kring Kyrkja og Hovedgården, vil gjere dei kulturelle verdiane endå meir synlege.

Skaparkraft og miljømedvit

I Sogndal kommune og i regionen er det mange kompetansmiljø, ikkje minst miljøfeltet, og me sit på unike natur- og miljøressursar. Etableringa av ViteMeir-senteret er eit svært positivt tilskot til å styrke kompetansen og rolla til kommunen og distriktet.

Skal ein realisere FN's bærekraftsmål er det enkelt sagt behov for svært mykje nyskapande tenking og aktivitet. M.a. for å hindre tap av naturmangfold eller for å auke produksjon av fornybar elektrisitet med eit minimum av negativ arealpåverking. For å illustrere har EU-kommisjonen estimert eit investeringsgap på €260 mrd årleg i EU om klima- og energimåla skal realiserast - og behovet er enda høgare om ein legg til det som krevst for å møte behov på miljøområdet elles. Noko liknande estimat for Noreg finst ikkje, men det seier noko om dei store behova - og moglegheitene - framover for "grønne" investeringar.

Kaupanger Hovedgård sin aktivitet i dette bilete er liten, men me ønskjer å ta vår del av ansvaret framover basert på vår portefølje og kompetanse innan bærekraftig energiproduksjon og skogbruk og med det og forvaltning av naturlandskapet.

Den samla landbruksproduksjonen i kommunen er monaleg og har utviklingspotensial. Me er overtydde om at det er mange i distriktet som har gode og kreative idear som treng støtte frå lokale myndigheiter. Då er den strategiske retninga samfunnsplanen peikar ut viktig. Med ein kommune som set seg strategiske mål trur me at kommunen og regionen kan realisere store moglegheiter for eit miljømedvite samfunns- og næringsliv.

På den bakgrunn vil me foreslå eit tilleggspunkt i samfunnsplanen, anten under "Fruktbare [grender og] tettstader", punkt 4 "Miljøvenlege [grender og] tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk" eller under "Utviklingslokomotiv i Sogn", punkt 1 "Sogndal bidreg sterkt til å løfte satsingar som kjem heile regionen til gode":

Kommunen vil vere ein pådrivar for prosjekt som bidreg til grønn omstilling

Punktet kan og gjelde som eit av dei opplista "Prinsipp for arealdelen av kommunen".

Me vil og vise til dei prinsipp som me har spelt inn i samanheng med utbyggingssaka i Amlabukti.

Stadanalysen for Amlabukti må reviderast og ta inn dei nasjonale verdiane som landskapsrommet inneheld. Ein ny analyse vil verte eit viktig dokument i utviklinga av denne delen av kommunen. Og



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Dato: 07.05.2021
Vår ref: 20/02675-4
Deres ref:

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel for Sogndal kommune 2021-2030

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 24. mars 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om planen

Sogndal kommune har sendt føreslag til kommuneplanens samfunnsdel på høyring og offentleg ettersyn. Kommunen har valt tre mål som saman skildrar samfunnet for 2030: Livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit.

Samfunnsmåla byggjer på innbyggjarane sine samla innspel til planen og er i tillegg Sogndal kommune si konkretisering av FN sine berekraftsmål om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

Fråsegn frå DMF

DMF viser til vårt fråsegn til varsel opp oppstart og høyring av planprogram datert 13.08.2020 der vi oppmoda om at det ble lagt til rette for eit kunnskapsgrunnlag for mineralressursane i kommunen, ein vurdering av ressursituasjonen og behovet for mineralske ressursar. Vi anbefalte og å vurdere tilhøvet mellom byggeråstoff og klimautslepp frå mineralnæringa som følgje av transport av tunge massar. DMF kan ikkje sjå at det er tatt inn noko i samfunnsdelen som omhandla mineralressursar. Kommunen har dermed ingen overordna strategi eller mål knytt til korleis ressursane i kommune skal forvaltast. Næring knytt til uttak og bruk av mineralske ressursar får heller ikkje føreseielege rammar for si verksemd eller framtidige utviklingstrekk i kommunen.



Dei nasjonale forventningane viser til at «Uttak av byggeråstoff (Pukk, grus, sand) til bygge- og anleggsgjøremål med korte transportavstandar og redusere klimautslepp er viktig. God arealplanlegging kan bidra til dette». Det er viktig at kommunen vurderer om kommunens framtidige byggeprosjekt har tilgang på slike ressursar. Tilgang på byggeråstoff må sjåast i ein regional perspektiv i høve kor det er behov for masser og transportavstand. Kort transportavstand bidreg til å redusere utslepp og er økonomisk gunstig. Dette er eit viktig prinsipp i dei nasjonale forventningane.

Kunnskapsgrunnlaget bør hentast inn i samfunnsdelen, for deretter å leggjast til grunn når det gjerast prioriteringar i arbeidet med arealdelen. Vi rår spesifikk til å ta inn «mineralressursar» som eit eiga tema i samfunnsdelen. Dette er viktig med tanke på korleis arealstrategien kan bidra til å sikre mineralressursar i kommuneplanen og eventuelle uttak av ressursane.

Plandokumenta visar at kommunen har eit fokus på å bli ein berekraftig kommune. Samfunnsdelen poengtera at den skal «systematisere arbeidet med førebyggjande klimatilpassingstiltak i arealforvaltning, nærings- og samfunnsutvikling». Å leggje til rette for ein klimavennlig arealforvaltning inneber og å vurdere kommunens tilgang på øvrig mineralressursar og mulegheit for næringsutvikling i kommunen.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Kristine Bye
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Bye

Mottakarar:

Sogndal kommune

Postboks 153

6851 SOGNDAL

Kopi til:

Høyringsuttale (KF-239-FK)



Referansenummer: BXPQD5

Registrert dato: 05.05.2021 18:03:03

Innleiing	
Opplysningar om innsendaren	
Fødselsnummer [REDACTED]	
Førenamn Ingrid Margrete	
Etternamn Menes	
Adresse Menes 10	
Postnummer 6899	Poststad BALESTRAND
Telefon 90962715	
Epost m-menes@online.no	
Uttalen blir gjeven <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om føretak/lag/foreining	
Organisasjonsnummer 992062053	
Føretak/lag/foreining FJORDANE GRENDELAG	
Adresse c/o Ingrid Menes Menes 10	
Postnummer 6899	
Poststad BALESTRAND	
Telefon	

Uttale
Namnet på høyringssaka <input checked="" type="radio"/> Høyring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030
Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen <input checked="" type="radio"/> Nei
Uttale <input checked="" type="radio"/> Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under

Eg har min fulle uttale i egne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg

Uttale til saka

Ein oversiktleg plan, med gode verdiar og samfunns mål som kan tolkast vidt. Det er bra at det er poengtert at det skal vere likeverdige tilbod i heile kommunen som servicetorg, legekontor, helsestasjon og godt jordmottilbod. For vår bygd er det vesentleg å ha eit Oppvekstsenter, som krev ein aktiv næringspolitikk m a tilrettelegging av bustader i heile kommunen. Vurdere korleis bu og driveplikta vert forvalta. Innbyggjarane etterlyser eit godt korsponderande kollektivtilbod til alle deler av kommunen og omliggande kommunar. Det var lite fokus på kultur i planen. Bra fokus på folkehelseperspektivet.

Høyringsuttale (KF-239-FK)



Referansenummer: T4Z6JF

Registrert dato: 15.04.2021 21:42:59

Innleiing	
Opplysningar om innsendaren	
Fødselsnummer [REDACTED]	
Førenamn Eivind	
Etternamn Ødegård	
Adresse Mundalsvegen 52	
Postnummer 6848	Poststad FJÆRLAND
Telefon 94439329	
Epost eivind.odegard@sogn.no	
Uttalen blir gjeven <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om føretak/lag/foreining	
Organisasjonsnummer 999213596	
Føretak/lag/foreining Fjærland bygdalag, bunemnda	
Adresse v/ Eivind Ødegård, Mundalsv. 52	
Postnummer 6848	
Poststad FJÆRLAND	
Telefon	

Uttale
Namnet på høyringssaka <input checked="" type="radio"/> Høyring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030
Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen <input checked="" type="radio"/> Nei
Uttale <input checked="" type="radio"/> Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under

Eg har min fulle uttale i egne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg

Uttale til saka

Bunemnda i Fjærland byggdalag har uttale til nokre punkt under Prinsipp for arealdelen av kommuneplanen, side 17 og 18 i planframlegget.

Til punkt 4: Framlegget lyder "Byggje innanfrå og ut for å oppnå 5-minuttssamfunnet. Byggje arealeffektivt og sette grenser for minimum og maksimum storleik for bustader. Opne for forsiktig fortetting i eksisterande småhusområde som skal bevarast"

Me meiner det ligg ein stor unytta ressurs i å byggja små bueiningar, særleg. små einebustader - såkalla mikrohus. Slike bustader vil vera økonomisk moglege å kjøpa for dei som etablerer seg som huseigarar, vil gje mindre energiforbruk enn større bueiningar, og oppmoda til ein grønar livsstil med mindre forbruk. Dermed er me opptekne av at kommunen ikkje set minimumsstorleiken for bustader for stor til å koma i vegen for småhus av denne typen. Me føreslår difor at det kjem inn ein setning etter andre punktum, slik at andre og tredje punktum blir:

"Byggje arealeffektivt og setje grenser for minimum og maksimum storleik for bustader. Opne for bygging av mikrohus."

Til punkt 24: Framlegget lyder "Unngå bygging på landbruksareal i heile kommunen og unngå ulemper for landbruket ved bygging og tiltak".

Me meiner dette er eit dels unyansert og dels sjølvmotseiande punkt, av di ikkje all bygging på landbruksareal fører med seg ulemper for landbruket. Tvert imot kan bygging på dårlegare landbruksjord gje inntekter til tomteseljar som i sin tur kan gje høve til nydyrking. I tillegg finst det fleire stader ikkje anna jord å byggja på enn landbruksjord. Dermed vil eit totalforbod mot bygging på landbruksjord gjera det uråd å byggja i fleire deler av kommunen. Punktet bør difor gjerast meir nyansert, utan at det dermed går ut over trong for landbruksjord og fare for nedbygging. Me føreslår at nytt punkt blir

"Unngå bygging på drivverdig landbruksareal i heile kommunen og unngå ulemper for landbruket ved bygging og tiltak"

Vidare føreslår me at same liste blir oppdatert med eit nytt punkt. Dette har kome opp på fleire medverknadsmøte i planprosessen, men me finn det ikkje att i planframlegget. Punktet er såpass viktig for innbyggjarar og utbyggjarar i Sogndal kommune at det fortener å bli nemnt tidleg i planen. Difor føreslår me eit nytt punkt 2 under Prinsipp for arealdelen av kommuneplanen, såleis:

2. Ha som utgangspunkt at areal- og utbyggingssaker er eit gode for kommunen, som fortener positiv mottaking

Sogndal kommune

Innlevering i system for høyring

Vår ref.:
21/03460-4

Dato:
12.05.21

Innspel til Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Planframlegget har vore behandla i Høgskulen på Vestlandet (HVL) sitt campusråd for Sogndal. Campusrådet ser at det er ein fordel for HVL å ha ein vertskommune som veks, sidan det gjer at ein kan vera offensiv. Generelt samsvarer planen på svært mange punkt med HVL sine satsingar. Medan begrepa *samskaping*, *skaparkraft* og *miljømedvit* er brukt i samfunnsplanen, brukar HVL begrepa *samspel*, *nyskaping* og *berekraft*. I *utfordrarbygda* passar det godt at HVL har *utfordrande* som ein verdi, saman med *delande* og *tett på*. Vidare utover i planen kjenner me oss òg stort sett godt att.

HVL har nokre innspel som er sortert under dei ulike satsingsområda. I tillegg har institutt for idrett, kosthald og naturfag ved fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett eit eige innspel som vedlegg.

Best på oppvekst

I satsingsområdet er det mange resultatmål og aktivitetar som HVL ynskjer å vera medspelar på, og me ser fram til invitasjonar og samarbeid.

Betre tilrettelegging for unge som ynskjer seg inn på bustadmarknaden, er avgjerande for at ein del av dei som er komne til Sogndal som studentar eller tilsette i HVL, vil bli verande. «Leige til eige-modellar» er nemnt i punkt 4e, og HVL vonar at dette er ein modell som kan føra til at dei lettare kan komma seg inn på bustadmarknaden nær arbeidsstaden sin.

I punkt 5e kan ein gjerne leggja til «og funksjonsnivå» sidan bygdehusa kan vera viktige arenaer for å inkludera alle.

For studentane våre er resultatmål 6 om gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv viktig. I punkt 6e er praksisplassar og deltids- og sommarjobbar viktige tiltak for å styrka koplinga mellom studentane og kommunen.

Skapt for aktiv livsstil

HVL ser fram til samarbeid om dette satsingsområdet. Det er viktig at ein ikkje er for oppteken av det som føregår på fjell og toppar, men at kommunen særleg tilrettelegg for aktivitet i nærområda. Tilrettelegging for aktiv livsstil må gjelda alle, ikkje berre dei som er særleg interesserte i friluftsliv.

Kompetansemiljø i eliteserien

Det er brukt ein fotballmetafor i overskrifta, og me spør om ein kan unngå det. Det er mange som får assosiasjonar til fotball, og berre fotball, med denne overskrifta, og det kan vera uheldig.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
AKS - Avdeling for
kommunikasjon
og
samfunnskontakt

Saksbehandlar
Tone Skjerdal
Telefon: +4795297729

HVL støttar elles satsinga, og det er særleg positivt med eit eige resultatmål handlar om Sogndal som studiestad, og at vertskommunerolla er vektlagt. HVL er profesjons- og arbeidslivsretta, og kunnskapsutvikling i tett samarbeid omgjevnadane er avgjerande i dette. Dette viser òg att i satsingsområdet, som har ei rekkje resultatmål og aktivitetar som involverer fagmiljø og studentar på høgskulen. Punkt 6 handlar om leiarutvikling, og her vil me utfordra kommunen på å nytta kompetansen som HVL i Sogndal har. Det gjeld òg på andre område der HVL kan bidra til å utvikla tenestene, eit døme er velferdsområdet der me har eit stort og godt fagmiljø i Sogndal.

Fruktbare tettstader

Gode tettstader er viktig for både tilsette og studentar, og resultatmål 1 Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel er då sentralt. Punkt 1h handlar mellom anna om arenaer for kunst og kultur. Her kunne Sogndal kommune hatt ei meir aktiv rolle. Tettstaden Sogndal veks, og det kjem tilflyttarar som ventar å finna eit godt kulturtilbod i bygda. Mange opplever at det er stort tilbod om idrettsaktivitetar, og få kulturaktivitetar. For studentar og tilsette som er interessert i kultur, kan det vera ei klår ulempe. Ein bør ikkje overlata til studentane åleine å stå for konserttilbodet for innbyggjarane. Ei tid var det jamleg konsertar, litteraturkveldar og andre arrangement i Blaoboxen i Sogndal kulturhus, og det såg ut som det var kulturtilbod som treffe både HVL-folk og andre. Det er ynske om at ein arbeider vidare med slike tilbod, som ein annan måte å leggja til rette for ein aktiv livsstil.

HVL vil føreslå at Sogndal kommune tek sikte på å bli sykkelbygd eller sykkelkommune. Dei andre vertskommunane til HVL har, eller har hatt, slike avtalar. I Sogndal er det viktig at el-syklar vert integrert i satsinga. For ein del folk er det fyrst med el-syklane at sykling er vorte eit reelt alternativ til biltransport eller stillesitjing.

Utviklingslokomotiv i Sogn

Frå HVL sin synsstad er det bra at Sogndal ynskjer å vera utviklingslokomotiv i Sogn. Sogndal er særleg viktig som vertskommune, men HVL skal vera ei utviklingskraft for heile regionen, ikkje berre Sogndal. Då treng me Sogndal «med på laget».

Med helsing

Bjørg Kristin Selvik
Prorektor for Sogn og Fjordane

Tone Skjerdal
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrivne signaturar.

Høyringsssvar til samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Fagmiljøet innanfor *Landskap, økologi og klima* ved Høgskulen på Vestlandet (Institutt for miljø- og naturvitskap) har innspel som i hovudsak rettar seg mot temaet Fruktbare tettstader, og byggjer mellom anna på resultat frå forskingsprosjektet Surround (<https://www.tettstad.no/>).

Først og fremst vil vi takke for ei inspirerende og engasjerande temasamling om Fruktbare tettstader. I samlinga var det lagt stor vekt på *tettstad*, og mindre på kva som er *fruktbart*. Som ein refleksjon til dette er det viktig å hugse på at det ikkje er tettleiken i seg sjølv som skapar attraktivitet, slik det vart framstilt på møtet. Tettleik er eit verkemiddel, som ein må bruke med klokskap. Tettleiken kan skape grobotn for mangfald i tettstaden, samtidig som den er viktig for å ta vare på grøntareal. Men dersom fortettinga skjer utan at desse omsyna er med, kan resultatet bli tettstader som ikkje er fruktbare, men som mister lokalsamfunna.

Så over til dei konstruktive innspela:

1. Ta vare på grønstruktur

Fruktbarheit kan både vise til breidde i kulturliv og mangfald i tilbod, som er viktige aspekt for trivsel, og det kan vise til produksjon av frukt, og anna matproduksjon, innanfor og i utkanten av tettstadgrensene. Dette legg strenge føringar for arealbruken. Samfunnsplanen har gode målsetjingar for arealbruk og stans i omdisponering av matjord, men dette er eit brot med eksisterande praksis i Sogndal kommune, og det vil krevje styrke og kløkt, både politisk og administrativt, å skape forståing for dette i lokalsamfunna.

Balansering av tettstadutvikling og natur- og kulturmiljø i og rundt tettstadane er viktig av fleire årsaker. Grøntområde og matjord bidrar til å vareta naturmangfaldet, sørger for redusert klimarisiko ved å ha flomdempende effektar, og dei bidrar til auka folkehelse, både som område for fysisk aktivitet, og fordi nærleik til grøntområde skapar trivsel. Frukthagane spelar også ei viktig rolle for kulturmiljøet i tettstadane, som igjen bidrar til lokal eigenart og styrkar lokal identitet. Her finn vi med andre ord fleire positive samspelseffektar.

Vi oppmodar Sogndal kommune om å legge til eit punkt i samfunnsplanen om å gjere opp rekneskap for grøntareal, inkludert matjord og naturområde, for nye planar om utvikling og utbygging. Her kan også *kommunedelplan for naturmangfald* vere eit viktig verktøy.

2. Hindre omdisponering av matjord

Vi finn også negative samspelseffektar mellom utbygging og attgroing av matjord. Dei siste 30 åra har utbygginga i tettstaden Sogndal skjedd både på naturområde og matjord, og attgroing står for like stor nedgang i matjord som utbygging. Dette kan forklarast med at utbygging av sentrumsnært jordbruksareal fører til nedlegging av gardsbruk, som igjen fører til attgroing av nærliggande beiteareal som ikkje lenger er i bruk. Nedgang og fragmentering av vegetasjonsdekte areal fører til færre grøne korridorar for pollinerande insekt. Ein detaljstudie av Sogndalsfjora fann at talet på frukttre er redusert frå 744 til 206, og har gått frå å utgjere mesteparten (82 %) av alle tre i sentrum i 1988 til minsteparten (27 %) i 2018. Utskifting og einsretting av treslag kan saman med framande treslag også utgjere ein trussel for biomangfaldet.

Vi oppmodar Sogndal kommune om å legge særskilt vekt på å hindre omdisponering av jordbruksareal innanfor og rett utanfor tettstadene, og ikkje miste av syne ulike formål innanfor den overordna arealkategorien LNF.

3. Alternative tiltak for å betre trafikktilhøva i tettstadane

Bokstav b under resultat 4 i samfunnsplanen seier at for å oppnå «*Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk*» vil kommunen «*Som hovudregel legge gjennomfartstrafikk utanom sentrum*». For tettstader andre stader i landet vil dette kanskje vere eit hensiktsmessig punkt, men for Sogndal kommune betyr det i alle tilfelle bygging av tunnel, og er i hovudsak aktuelt for Sogndal sentrum. For Leikanger/Hermansverk vil dette punktet neppe vere aktuelt, og for Balestrand og Fjærland går hovudvegane allereie utanfor sentrum. For Kaupanger kan punktet vere aktuelt i samband med kommunedelplanen for rv. 5 Loftenes-Kaupanger, men det er kanskje ikkje der det er størst behov.

Gamle Sogndal kommune har debattert tunnel forbi sentrum i nærare 30 år, og i mellomtida har Sogndal vorte meir og meir utbygd og fortetta. Vi stiller spørsmål ved nytten av å legge ei slik føring i samfunnsplanen, når opp mot 70-80 % av trafikken gjennom Sogndal sentrum er lokaltrafikk – som anten skal til sentrum eller vidare mot Leikanger/Kaupanger (men ofte tek seg ein stopp i Sogndal for å handle på vegen). Det nyaste forslaget til «miljø tunnel» viser ei løysing som kan fungere som ei reell avlastning for sentrum, og som kan redusere trafikken noko, men dette vil få store negative konsekvensar og føre til inngrep i kulturhistorisk verdifulle bygningsmiljø i Sogndal, og er ikkje ei god løysing.

I år startar bygging av sykkelveg gjennom Gravensteinsgata i Sogndal, men det er framleis mange tiltak som kan gjerast for at det skal bli tryggare og meir attraktivt å ferdist til fots og med sykkel i Fjæra – tiltak som kan redusere trafikken, sjølv med ein hovudveg tvers gjennom. Samfunnsplanen har fått med seg fleire av desse tiltaka under det same resultatmålet, m.a. pkt. a. *Som hovudregel legge parkering under bakken, i utkanten av sentrumskjerna og samlokalisert med kollektivpunkt*, pkt. c. *Redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjerna og pkt. d. Utvikle og vere pådrivar for nye kollektiv- og mobilitetsløysingar.*

Vi oppmodar Sogndal kommune om å jobbe vidare med alternative tiltak for å betre trafikktilhøva og miljøet i sentrum samstundes som det går ein hovudveg gjennom. For at samfunnsplanen ikkje skal legge band på viktige kulturmiljø og øydeleggje identitetsskapande kvalitetar, bør føringa om å legge gjennomfartstrafikk utanom sentrum (punkt 4b.) takast ut.

4. Heilskapleg kulturarv og kulturmiljø i tettstadane

Til slutt vil vi vende tilbake til tydinga av samspelet mellom frukthagane og bygningsmiljøa på sentrumsnære gardar og jordbruksareal, og for Sogndal sin del også samspelet mellom strandsitjarstaden og landbruksområda. Desse elementa er viktige for kulturarven og stadidentiteten til tettstadene i kommunen. Samtidig viser forskinga at desse funksjonane og verdiane lett blir oversett i planprosessar. Dette kan på sikt viske ut stadkjensla og lokalidentiteten også til innbyggjarane. Frå temasamlinga om fruktbare tettstader, er det viktig å hente inspirasjon også frå Inderøy kommune og tettstaden Straumen, som nettopp har bygd stadutviklinga si rundt tilsvarende kulturverdiar.

Vi oppmodar Sogndal kommune om å utvide fokusområdet for kulturarv frå å fokusere på kulturminne aleine (punkt 1i.) til også å omfatte kulturarv og kulturmiljø i tettstadene meir heilskapleg.

Eit viktig verkemiddel for å få til gode fellesskapsløysingar, kan vere å ta i bruk utbyggingsavtalar aktivt. Dette høyrer naturleg meir heime i arealdelen, men **eit nytt punkt i samfunnsplanen om å sørge for at utbyggjarar bidrar til løysingar som er til beste for fellesskapet** vil vere eit godt oppspel til krav om utbyggingsavtalar i arealdelen.

På vegne av faggruppe for landskap ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal

Marte Lange Vik

Førsteamanuensis, Institutt for miljø- og naturvitskap

Stein Joar Hegland

Professor, Institutt for miljø- og naturvitskap

Liv Norunn Hamre

Førsteamanuensis, Institutt for miljø- og naturvitskap

Lisbeth Dahle

Høgskulelektor, Institutt for miljø- og naturvitskap

Åse-Birgitte Berstad

Høgskulelektor, Institutt for miljø- og naturvitskap

Høyringsinnspel Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Frå Høgskulen på Vestlandet, institutt for idrett, kosthald og naturfag

Sogndal kommune har sendt ein ambisiøs og framtidsretta samfunnsplan ut på høyring. Visjonen og måla kommunen har sett seg for planperioden lovar godt for regionen vår og innbyggjarane her. Men den vil òg krevje målretta oppfølging i både arealplan, økonomiplan med tilhøyrande budsjettfordelingar og verksemdsplanar. Med det ambisjonsnivået Sogndal kommune legg i samfunnsplanen kjem det godt med at kommunen legg samskaping som prinsipp for alt ein gjer. Det vil høgst truleg også være naudsynt for å nå mange av måla i planen. Då fleire av satsingsområda i planen ligg innan fagområda til vårt fagmiljø ønskjer me å kome med ei eiga høyringsuttale frå institutt for idrett, kosthald og naturfag ved Høgskulen på Vestlandet.

Heilt overordna meiner me at kommunen i realiseringa av samfunnsplanen må arbeide kunnskapsbasert. Ein må ha eit godt kunnskapsgrunnlag før ein gjer prioriteringar og setter inn tiltak. Tiltaka må vidare evaluerast slik at ein har eit godt kunnskapsgrunnlag når tiltaka ev. skal vidareførast eller justerast. Sogndal kommune har dei beste føresetnader for å kunne arbeide kunnskapsbasert. I tillegg til kompetansen ein finn internt i kommunen har ein i vår region eit breitt kunnskap- og kompetansemiljø som kan støtte opp under dette arbeidet. Dette er berre eit fåtal av norske kommunar forunnt. Difor meiner me at kunnskap- og kompetansemiljøa i kommunen bør vere nemnt i delen «*Dette er oss*» der det pr no er mest fokus på «*klima- og brebygda Fjærland, reiselivs- og kunstbygda Balestrand, forvaltnings- og digitaliseringsbygda Leikanger, nærings- og vitebygda Kaupanger og fotball- og saftbygda Sogndal*».

Vidare ønskjer me å trekke fram studentane som tenestebrukarar i - og som ressurs for bygda. Høgskulen har om lag 2300 studentar ved campus Sogndal. Mange av dei flyttar på hybel for fyrste gong og kjem til ein ny stad utan noko sosialt nettverk. Denne målgruppa er viktig å tenkje på i utvikling av kommunen sine tenester og tilgang til tenester. Studentane kan og bør inkluderast som samskaparar av nye Sogndal kommune. Dei kjem med erfaringar og kompetanse, både frå si oppvekst ved sine heimstader og frå den utdanninga dei er i ferd med å ta, som kan nyttast til utvikling av kommunen. Studentar kan inkluderast både i frivillig arbeid, gjennom praksisplassar, prosjektarbeid og deltidsjobbar. Inkludering av og samskaping med studentar vil kunne fremje fellesskap og tilhøyre– både sosialt og til nærstaden, noko som igjen vil vere positivt både for studentanes eigen livskvalitet, som ressurs for kommunen og for interessa for å bli verande i kommunen også etter end utdanning.

Under følgjer våre kommentarar til satsingsområda, med eit spesielt fokus på kvar me ser for oss eit samspel med kommunen:

Best på oppvekst

Fagmiljøet vårt har særskilt kompetanse innan resultatmåla knytt til «*barnehage- og skuleutvikling*» og «*lokalsamfunn som innbyr til fritidsaktivitet og sosiale møte*». Både innan oppfølgingspunkta «*bruke kvalitetar i nærområda og lokale ressurspersonar for leik og praktisk læring*» og «*bruke fysisk aktivitet i pedagogikken*» meiner me at eit samspel med kommunen kan kome både kommunen og undervisnings- og forskingsaktiviteten vår til gode. Det same gjeld for oppfølgingspunkta knytt til ulike arena, friområde og møteplassar for aktivitet, eit mangfald av fritidstilbod, samt tilrettelegging for aktiv transport. Både her og seinare i samfunnsplanen blir doktorgradstipend for offentleg sektor trekt fram. Dette er særers interessant for oss og noko me meiner vil gagne både kommunen, kunnskapsutviklinga og undervisnings- og forskingsarbeidet ved høgskulen. Tema som aktiv gaming/sunnare gaming/gaming som pedagogisk verktøy er eksempel på områder der

kunnskapsutvikling i samspel mellom kommune, høgskulen og det nyoppretta gamingsenteret på campus hadde vore spanande å utforske.

Skapt for aktiv livsstil

Innan dette satsingsområdet har vårt fagmiljø kompetanse innan samlege av dei fem resultatmåla «lokalsamfunn som innbyr til aktiv livsstil», «ein kommune som mobiliserer til fysisk aktivitet», «fjerne alle barrierar for fysisk aktivitet for utsette grupper», «stor breidde i organiserte og eigen organiserte fysiske aktivitetstilbod» og «best i landet på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet». Særskilt vil me her trekke fram oppfølgingspunkta gang- og sykkelveggar, fysisk aktiv læring i barnehage og grunnskule, fysisk aktivitet i behandling og førebygging, inkl. eldre, frisklivssentral, kartlegging av fysisk aktivitet, effektmåling av tiltak, utvikle trenings- og rekreasjonsområde som legg til rette for gratis, uorganisert fysisk aktivitet, utvikle tilrettelagde nærturområde og det å finne løysingar som held ungdom fysisk aktive gjennom heile oppveksten.

I tillegg til forskingsprosjekta me har knytt til fysisk aktivitet i barnehage, fysisk aktiv læring, trening for heimebuande eldre, frisklivssentralen og sykling som aktiv transport, ser me det som sær interessant å arbeide vidare med aktuelle prosjekt i samspel med kommunen. Ut i frå tema i samfunnsplanen kan dette mellom anna vere symje-, sjølvberging- og livredningsopplæring i grunnskulen jamfør svømmedyktig.no, kartlegging av fysisk aktivitet og effektmåling av tiltak og tilrettelegging og utvikling av nærturområder. Samstundes er me bevisst på at det overdrivne fokuset på ein aktiv livsstil også kan ha negativ påverknad på personar si psykososiale helse. Som den aktivitetsbygda Sogndal har utvikla seg til å vere skal ein også vere var for desse utfordringane. Med samfunnsplanen sin visjon og samfunns mål om at alle innbyggjarar skal oppleve god livskvalitet er det sentralt å fokusere på meistring og deltaking (Helsedirektoratet. Psykisk helse og trivsel i folkehelsearbeidet. 2014). I vidare konkretisering og utvikling av tiltak vil det vere viktig å inkludere dei gruppene som i utgangspunktet er fysisk inaktive til medverknad og samskaping av tilbod og areal for fremjing av fysisk aktivitet. Tilrettelegging for sosiale møteplassar vil kunne fremje livskvalitet. Gode sosiale møteplassar for alle grupper vil igjen kunne bidra til å fremje fysisk aktivitet for fleire.

Kompetansemiljø i eliteserien

Både resultatmålet «styrke posisjonen som den fremste studiestaden i Vestland utanfor Bergen», å «bidra til den nasjonale utviklinga av koplinga mellom fysisk aktivitet, toppidrett og læring» og «bli eit føredøme på forskning, utvikling og forvaltning av distriktsreiselivet» er noko som vårt fagmiljø også arbeider mot. Spesielt ser me eit utviklingspotensiale ved å arbeide for gode koplingar mellom arbeidslivet og studietilboda. Her meiner me ein også bør leggje til forskingsarbeidet for å sikre ei praksisnær kunnskapsutvikling. Høgskulen på Vestlandet skal bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet. For vårt fagmiljø er det særleg viktig å ha eit tett samspel med barnehagar, skular, helsevesen, idretten, det lokale næringslivet knytt til treningssenterbransjen og naturbasert reiseliv, samt offentleg forvaltning. Knytt til distriktsreiselivet kan trygg ferdsel i toptur-eldoradoet Sogn nemnast, knytt til koplinga fysisk aktivitet, toppidrett og læring kan både fysisk aktiv læring, inkludering, fråfall og prestasjonsutvikling nemnast. Å etablere «Ekspertar i team» samspel innan utvalde området hadde vore ei spanande satsing knytt til denne delen av planen.

Fruktbare tettstader

Fagmiljøet vårt har særskilt kompetanse innan resultatmåla «effektive tettstader som gir god kvar dagslogistikk» og «helsefremjande tettstader som gir betre psykisk og fysisk helse», spesielt knytt til gange og sykling som aktiv transport og lågterskel turveggar i naturen. Kanskje bør eit av oppfølgingspunkta vere å bli ei sykkelbygd, jamfør Statens vegvesen sine sykkelbyavtaler? Vidare har

bruk av el-sykkel eksplodert i regionen vår de siste åra, truleg mykje grunna topografien vår. Me saknar at planen er noko meir visjonær knytt til sykling. Kva med sykkelstativ på buss, prøve- og låneordning for el-sykkel, tilskudd til kjøp av transportsykkel, samt laste-/transportsyklar til alle helse- og omsorgssentra i kommunen?

Utviklingslokomotiv i Sogn

Dette satsingsområdet ser me på som grunnleggjande for satsingsområda over. Gjennom regionalt samarbeid, deling av kunnskap og kompetanse og engasjement kan ein kome langt. I tillegg har veksten vårt fagmiljø har hatt dei siste 20 åra lært oss at ein også må søkje kunnskap, kompetanse og erfaringar hos dei beste. Dei beste nasjonalt og dei beste internasjonalt. Det er truleg også naudsynt for Sogndal kommune når ein skal vere eit utviklingslokomotiv i Sogn.

For institutt for idrett, kosthald og naturfag

Ane Kristiansen Solbraa

Assisterande instituttleder / Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett / Institutt for idrett, kosthald og naturfag / Høgskulen på Vestlandet

Tlf: +47 57 67 60 81 / +47 90 95 32 75 Besøksadresse: Røyrgata 6, Sogndal
Postboks 7030 5020 Bergen

www.hvl.no | twitter.com/hvl_no | facebook.com/hvl.no



Høyringsuttale (KF-239-FK)



Referansenummer: 2XX3AN

Registrert dato: 09.04.2021 09:37:46

Innleiing

Opplysningar om innsendaren

Fødselsnummer

[REDACTED]

Førenamn

Jan Arild

Etternamn

Rømmen

Adresse

Vokeldvegen 2

Postnummer

6863

Poststad

LEIKANGER

Telefon

48147699

Epost

jan.rommen@gmail.com

Uttalen blir gjeven

Personleg

Uttale

Namnet på høyringssaka

Høyring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen

Nei

Uttale

- Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under
- Eg har min fulle uttale i eigne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg

Uttale til saka

Eg har eit spørsmål: Side 18 om føringar for økonomiplanen. Eg finn ingen tekst om subsidiering av tomteutvikling.

Poeng: Me treng tomter for bustadbygging i heile kommunen. MANGE tomter. Dette har vore katastrofalt dårleg i ein mannsalder fram til no. Det finst knapt ei ledig tomt i heile kommunen og har heller knapt vore det siste mannsalder.

Få unntak. Dette har redusert veksten monaleg og skapt kunstig høge prisar mange stader i kommunen. Men

tomteutvikling kan vera svært kostbart. Samfunnsdelen bør seia noko om kommunal subsidiering av tomter for at me

kan vera på offensiven. Luster kommune har vore gode på dette feltet og med godt resultat. Spørsmål då: Vert det

lagt opp til kommunal subsidiering av tomteutvikling på eit eller anna vis i denne planen? Eg finn ikkje noko om det.

Eit viktig politisk spørsmål som må avklarast.

Høyringsuttale (KF-239-FK)



Referansenummer: SWBPPG

Registrert dato: 19.04.2021 08:26:45

Innleiing	
Opplysningar om innsendaren	
Fødselsnummer [REDACTED]	
Førenamn Johannes	
Etternamn Jamne	
Adresse Øverbergveien 24A	
Postnummer 1397	Poststad NESØYA
Telefon 93460110	
Epost johs@oppsving.no	
Uttalen blir gjeven <input checked="" type="radio"/> Personleg	

Uttale
Namnet på høyringssaka <input checked="" type="radio"/> Høyring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030
Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen <input checked="" type="radio"/> Nei
Uttale <input checked="" type="radio"/> Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under <input type="radio"/> Eg har min fulle uttale i eigne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg
Forskning viser at det ikkje er talet på medverknadsarrangement og tida ein bruker på dei som er det beste målet på vellukka medverknad. Gode prosessar sørger for brei deltaking frå alle samfunnslag og aldersgrupper, set klare rammer for innspel og hjelper innbyggjarane til å konkretisere tankane dei har rundt utviklinga der dei bur. Eg har ikkje oversikt over deltakinga på alle arrangementa, og sjølvsagt senker det terskelen at ein kan delta via Teams frå sofaen eller kjøkenbordet heime. Likevel trur eg kommunen kunne nådd breiare ut, og på den måten fått fleire til å tenke gjennom kva denne planen inneheld, kva dei meiner og korleis dei kan bidra, dersom dei la om forma og innskrenka den totale tidsbruken på samlingane.

Det siste punktet gjeld tidsfrist. Plan- og bygningslova pålegg kommunen å ha høyring for samfunnsdelen til kommuneplanen, og Sogndal kommune oppfyller dei strengaste krava med høyring i seks veker, frå 26. mars til 7. mai. Likevel er det påfallande at to av temasamlingane er lagt til veka etter høyringsfristen, som altså er 7. mai. Det er sjølvsagt mogleg at kommunen har valt å utsetje fristen, men dette er ikkje tydeleg kommunisert. For innbyggjarar som brenn for stadutvikling og fagmiljø for kompetansearbeidsplassar, er det lite inspirerande at fristen for høyringssvar går ut før temasamlingane har funne stad. Fristen burde tidlegast vere nokre dagar etter den siste temasamlinga, slik at dei som deltek der rekk å la inntrykka modnast og å formulere noko skriftleg.

Eg ønskjer ikkje å ta frå Sogndal kommune motet i arbeidet med samfunnsplanen. Eg håpar sterkt at planleggarane i kommunen held fram med å brenne for dette arbeidet slik det vart framstilt i Sogn Avis 3. april. Eg hadde berre håpa at det også var rom for å få fleire av innbyggjarane med på dette, og å skape engasjement for og eigarskap til planen, slik at vi kan forstå kva som ligg bak prioriteringane for dei neste åra, og bidra til å dra i same retning.

Eg kjem til å sende inn meir substansielle innspel til planen i løpet av helga, sjølv om det er nokre dagar etter fristen. Så får eg sjå i oppsummeringa av høyringssvara om dei blir vurdert trass i at fristen er ute.

SOGNDAL KOMMUNE
Plan og samfunn
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår dato: 05.05.2021
Vår ref.: 202007295-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 24.03.2021
Dykkar ref.: 20/5054

Sakshandsamar:
Bjarte Sandal
bjas@nve.no/46412486

NVE - uttale til samfunnsdelen til kommuneplanen for Sogndal kommune 2021-2030

NVE viser til dykkar brev av 24.03.2021 og til vårt tidlegare innspel til varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel og offentleg ettersyn av planprogram (brev dat. 06.08.2020). Samfunnsdelen til kommuneplanen for Sogndal kommune er lagt ut til offentleg ettersyn. Dette er det første forslaget om samfunnsdel for nye Sogndal kommune.

Vi viser til at Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innan saksområda flaum, erosjon og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, overvatn og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innan desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova.

I vårt innspel til oppstart 06.08.2020 kom vi med fleire innspel som er viktige for den kommunale planlegginga, og vi meiner dette også bør gjenspeglast i kommuneplanen sin samfunnsdel på ein noko tydelegare måte. Fleire av innspela/fagområda bør vurderast som mål og/eller prinsipp som skal ligge til grunn for utarbeiding av arealdelen og påfølgjande reguleringsplanar (jf. kap.5 i forslag om samfunnsdel).

Omsyn til klimatilpassing er teke med under kapittel 3 om samfunns mål, der det m.a. går fram at:

«Sogndal kommune skal vere ein miljømedviten kommune, med klima og miljø som premis for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutslappa våre i samsvar med nasjonale og internasjonale forpliktingar, driv systematisk klimatilpassingsarbeid for å redusere risikoen frå klimaendringar, og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk».



Under prinsipp for arealdelen til kommuneplanen går det fram av pkt. 26 om prinsipp som skal ligge til grunn for utarbeiding av arealdelen, områdereguleringsplanar og reguleringsplanar at kommunen skal; «*Førebyggje mot risiko og sårbarheit ut frå ein godt forankra heilskapleg ROS-analyse*». NVE føreset at kommunen gjennom dette arbeidet avklarar forhold knytt til aktuell naturfare, omsyn til overvatn (jf. vårt tidlegare innspel) og elles andre aktuelle fagtema knytt til NVE sine ansvarsområde – sjå www.nve.no/arealplanlegging som vi også tidlegare har vist til. Vi forventar såleis at komande arealplanforslag frå kommunen fagleg dokumenterer og avklarar interesser knytt til våre fagområde, og at dette i tilstrekkeleg grad er innarbeidd i planforslaga.

Med helsing

Ann-Kristin Larsen
fung.seksjonssjef

Bjarte Sandal
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Innspel frå Opplev Leikanger til utkast til samfunnsplanen for Sogndal kommune.

Ei arbeidsgruppe i Opplev Leikanger har vurdert utkastet til samfunnsplan for Sogndal kommune. Opplev Leikanger har nokre synspunkt, merknader og framlegg til tillegg som vi vonar kan vere til nytte og innarbeidast i planen.

Heilskapleg er det utsendte utkastet eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med å få til ein god plan. Planen er overordna, konkret og rimeleg kort.

Det er såleis von om at planen kan bli lesen av innbuarane og at den vil kunne fungere som eit praktisk grunnlag for engasjement.

Konkret har Opplev Leikanger slike innspel:

Innspel til **overordna målsettingar**.

Innspel til nokre **enkeltpunkt**.

Innspel til tiltak/kva som bør gjerast i den etterfølgande iverksettings/gjennomføringsprosessen - **handlingsdelen**.

Overordna målsettingar

Naturen, fjorden, strendene, bakkane og fjella er kjennemerke for Sogndal kommune.

Dette representerer ressursar som må klårare omtalast i samfunnsplanen.

Opplev Leikanger meiner at verdiane av og moglegheitene knytt til naturen, kvalitetane og ressursane i fjorden og dal- og fjellområda i kommunen så langt ikkje har fått sin rette og nødvendige plass i utkastet til samfunnsplan.

Livskvalitet

Planen har ein visjon om livskvalitet og utviklingskraft i Sogn. Dette er eit godt plangrunnlag.

Sogndal kommune, nabokommunane og heile regionen er rik på naturkvalitetar.

Innbyggjarane søker etter å leve det gode liv. Nærleiken og lett tilgang til fjorden, stranda, utmarkene, skogen, fjella og dei høgaste toppane er viktige kvalitetar. Dei gjev rammer og føresetnader for å kunne leve det gode liv med høg livskvalitet i kvardagslivet.

Desse kvalitetane er avgjerande for at folk vert verande her, at dei kjem tilbake hit eller at dei flyttar hit. Dei er såleis viktig for å stabilisere og rekruttere.

Dette er ressursar og kvalitetar som bør omtalast klarare i planen.

Regionsamarbeid

Naturen med sitt store mangfald er ein ressurs og ein styrke, men også ei utfordring.

Sogndal kommune bør spele på lag med regionen vår i arbeidet med å utnytte naturen og ressursane som finst her.

Kommunen bør ha som mål å vere eit utviklingslokomotiv for tilrettelegging og berekraftig utnytting av opplevingsdelen av naturressursane i heile regionen.

Målet bør vere å medverke og legge til rette slik at naturressursane våre vert attraktive i ein regional, nasjonal og internasjonal marknad.

Planen bør syne at vi ønskjer å vere i eliteserien også på dette området.

Ein slik posisjon er viktig for reiselivet, utdanning, handel, samferdsle og for å kunne konkurrere om alle typar arbeidskraft, skapande verksemd og livskvalitet i framtida.

Opplev Leikanger trur at dei poeng som er nemnde ovanfor bør innarbeidast der det passar og slik kome sterkare fram i samfunnsplanen.

Enkeltpunkt

Berekraft og klima

Samfunnsplanen bør ha klårare referansar til FN sine bærekraftsmål og dei klimautfordringane vi står føre. Med eit 10-års perspektiv i planen må utfordringane knytt til berekraft og klima tydelegare ligge i botnen for planane.

Mobilisere og utnytte engasjement og skaparkraft i lokalsamfunna i kommunen

Tettstadane og bygdelaga i kommunen bør organiserast med eigne bygdelag, interesseorganisasjonar eller kva ein vil kalle dei. Desse bør ha som mål å samle, samordne, utvikle og gjennomføre tiltak til nytte og glede for bygdelaga.

Slike organisasjonar vil kunne opptre på vegner av, og fremje fellesinteresser for innbuarane. Det vil også kunne fungere som effektive kontaktledd for kommunen inn mot tettstadane og bygdelaga.

Handlingsdelen

I handlingsdelen må ein prioritere nokre tiltak, medan andre kan vente noko.

Opplev Leikanger meiner det hastar med å avklåre og sikre tilgangen til, og tilrettelegginga av områda i Grindsdalen/Huksdalen og Henjadalen før anleggsverksemda vert avslutta. No er det ressursar i områda som kan nyttast til nødvendige arbeid.

Utbygginga i dei to dalane har opna for ny og utvida bruk av desse områda.

Områda må vidare sjåast i samanheng med at det tidlegare er bygt vegar i Njøsadalen.

Dei nye vegane i fjellområda i Grindsdalen/Huksdalen, Henjadalen og Njøsadalen gjev lettare tilkomst til særst attraktive område både om vinteren og om sommaren.

Det er også naturleg å sjå fjellområda i Leikanger i samanheng med fjellområda og utbyggingane i Sogndalsdalen.

Kommunen må snarast kome i samarbeid og dialog med grunneigarane om alle aktuelle og nødvendige spørsmål.

Parkering, brøyting, vedlikehald med meir må planleggast og finansierast slik at det vert lagt til rette for tilkomst og trygg bruk.

Det bør snarast startast eit overordna planarbeid for fjellområda som også bør omfatte fjellområda i Balestrand.

Opplev Leikanger syner elles til sitt innspel i 2018 til arealdelen av kommuneplanen for dåverande Leikanger kommune.

Der er det omtalt innspel som bør takast omsyn til og innarbeidast i samfunnsplanen for Sogndal kommune.

Med helsing

Opplev Leikanger

Roar Werner Vangsnes

Styreleiar

VEDLEGG:

FRÅSEGN TIL REVISJON AV AREALDELEN I KOMMUNEPLAN FOR LEIKANGER KOMMUNEN

Denne fråsegn er ei felles fråsegn frå representantar frå reiselivet i kommunen og Opplev Leikanger.

Bakgrunnen for at vi har ei feller fråsegn er at reiselivet i Leikanger og Opplev Leikanger har mange felles utgangspunkt og interesser. Dette vert mellom anna tydeleggjort ved at Opplev Leikanger på mange måtar er eit ektefødt «barn» av reiselivet i Leikanger sitt engasjement for å skape trivelege og gode levekår for innbuarane. Samstundes skal kommunen vere eit attraktivt reisemål for turistar frå inn- og utland.

Det som gagnar innbuarane vil oftast også gagne dei tilreisande og omvendt.

I tillegg til offentlege arbeidsplassar er reiseliv, handel og landbruk dei viktigaste aktivitetane i kommune. Dei er avhengige av kvarandre og treng gjensidig støtte og tilrettelegging.

OVERORDNA MÅL

Reiselivet i Leikanger og Opplev Leikanger har felles interesser i at arealet i kommunen i størst mogeleg grad vert nytta til å skape trivsel og gode opplevingar. Då treng vi å sikre eksisterande og skape nye arbeidsplassar i reiselivsbedrifter og i andre næringar og verksemdar som nyt godt av at tilreisande og turistar kjem til kommunen.

Arealbruken og tilrettelegging må medverke til at kommunen står fram som attraktiv med eit godt og berekraftig omdøme.

Realisering av desse målsettingane er ein viktig føresetnad for å kunne nå måla om å sikre kommunen som lokaliseringkommune for, og sikre rekruttering til dei mange viktige offentlege arbeidsplassane i kommunen.

For å lukkast med dette må kommunen mellom anna kunne tilby i størst mogeleg grad spanande urørt natur, eit allsidig offentleg og privat teneste- og servicetilbod og gode bu- miljø.

Kommunen har mange av desse kvalitetane i dag. Målet må vere å verne om dei kvalitetar vi har og vidareutvikle nye kvalitetar og tilbod, innafor ei berekraftig ramme.

Dette må ligge i botnen for den framtidige arealbruken.

KONKRETE MÅL

Fjord- og fjellområda er kommunen sin mest attraktive areal, kvalitetar og ressursar. Det er difor viktig at kvaliteten, ressursane, tilkomsten, bruken og vidareutviklinga av desse områda vert prioritert.

AREALA VED FJORDEN

Sognefjorden, som del av dei norske fjordane, er eit verdskjent og attraktivt reisemål som kvart trekke eit stort tal turistar frå heile verden. Interesse er aukande.

Leikanger må legge til rette for å kunne få sin del av denne turiststraumen.

Det må leggest til rette for tilbod som får turistane til å velje lengre opphald i kommunen.

Då må det sikrast areal til konsolidering og utviding av dei eksisterande hotella og andre reiselivsbedrifter. Vidare må det reserverast areal til og tilkomst for nye verksemdar og aktivitetar.

Der må reserverast areal slik at nye idear og aktørar lett kan kome i gang når dei melder sine interesse og behov.

Kommunen treng ein vesentleg utvida hotellkapasitet for å kunne dekke den framtidige trongen for overnatting, konferansar og kurs med vidare i fylket sitt administrasjonssenter. I denne samanheng må det også reserverast areal for nye kontorbygg.

Vi er uroa for at det vert for passivt om det i planperioden ikkje vert sett av areal til slike bygg. Historia har så lang synt at det med jamne mellomrom har vorte trong for nye kontorbygg.

For Leikanger kommune er kontorbygg for offentleg administrasjon dei viktigaste næringsbygga.

Arealet kring Sognefjord hotell må klarerast for å kunne utvide hotellet og utvikle nye aktivitetar.

Arealet i tilknytning til Leikanger Fjordhotell må sikrast for utviding, i samarbeid og sambruk med ulike typar aktivitets- og reiselivstilbod.

I ein slik samanheng er det avsette arealet til brannstasjon på kaiområdet Hanahaug ein for avgrensa bruk av areal som ikkje i tilstrekkeleg grad opnar for fleirbruk.

Kaien på Hanahaug er ein avgjerande viktig ressurs for å kunne kople kommunen til fjorden, med den båttrafikken som trengst i framtida.

I områda langs fjorden må det reserverast areal for framtidige aktivitetar som treng tilkomst til fjorden.

Direkte opphald i strandkanten er særst attraktivt for turistar. Areal til konsentrerte korttids utleieeiningar for turistar må difor søkast innpassa i arealbruken.

Det må ikkje tillatast bygging av nye bustader i strandsona.

Det må opnast for å starte planlegging og bygging av fjordsti frå Hamre til Grauthaug. På den legst mogelege delen av strekningen bør stien ligge heilt i strandsona eller så nær fjorden som mogeleg.

FJELLOMRÅDA

Fjellområda har høg kvalitet. Dei er attraktive og viktige både for innbuarane og for tilreisande.

Kulturlandskapet er framleis attraktivt og må haldast i hevd.

Det må etablerast gode reglar for sambruk mellom grunneigarane og brukarane.

Stølsområda må reserverast for rekreasjon og friluftsliv utan at det er støyande og forstyrrende aktivitetar i nærleiken. Motorkrossbane er døme på aktivitet som ikkje må tillatast i slike område.

Det må leggest til tekke for turløyper og stiar, både for gåande og syklende på barmark og for vintersport på snø.

Det må leggest godt til rette for sauehaldet. Det er ein viktig aktivitet for å halde kulturlandskapet ved like.

Det må ikkje tillatast nye kraftutbyggingar.

ELVANE

Dei tre elvane er særst attraktive som tur- og friluftområde. Det må reserverast areal for stiar og fiske med vidare langs alle elvane.

Elveløpet for Henja-elva heilt frå fjorden til fjellet må reserverast for stiar, bruer og konstruksjonar slik at området kan opplevast på nært hald heile året.

OPPSUMERING

Denne fråsegna er eit overordna innspel som kan konkretiserast etter kvart som behov, tiltak og prosjekt kjem opp til vurdering og avgjerd.

Vi oppmodar om eit godt vidare samarbeid til beste for innbuarane, grunneigarar, næringslivet og andre positive interesser.

Med helsing

Sognefjord Hotel v/ Jack Eggum, direktør

Leikanger Fjord Hotel v/ Adelheid Lambrechts, direktør

Henjatunet v/ Marit Henjum Halsnes, dagleg leiar

Opplev Leikanger v/ Roar Werner Vangsnes, leiar i styret

Fra: Sigrid Ølmheim [Sigrid.Olmheim@sogndal.kommune.no]

Til: Postmottak Sogndal kommune [Postmottak@sogndal.kommune.no]

Kopi:

Sendt: 18.05.2021 09:05:45

Emne: VS: Innspel til samfunnsplan

Vedlegg:

Høyrrer til sak 20/9002

Vh. Sigrid

Fra: Marte Kvisterø Krogstadmo <Marte.Krogstadmo@luster.kommune.no>

Sendt: tysdag 11. mai 2021 13:49

Til: Sigrid Ølmheim <Sigrid.Olmheim@sogndal.kommune.no>

Kopi: Ole Gunnar Krakhellen <Ole.Gunnar.Krakhellen@sogndal.kommune.no>; Inger Marie Leirdal Evjestad <Inger.Marie.Evjestad@sogndal.kommune.no>

Emne: Innspel til samfunnsplan

Hei,

I samband med den nye kommuneplan- samfunnsdel til Sogndal kommune hadde det vore flott å fått ein omtale/mål om samarbeidsprosjektet «Livsmeistring- robuste barn og unge» og Sogn Regionråd sin programplan for System for styrka læring 2022-2030, slik at det vert forankra der.

Livsmeistring- robuste barn og unge er ein del av ei nasjonal satsing i program for folkehelse, det er eit fem årig prosjekt med mål om å gjere barn og unge godt rusta til å takle medgang og motgang i livet gjennom å implementere eit heilskapleg og systematisk løp for livsmeistring frå barnehage og ut ungdomsskule. I arbeidet med prosjektet er medverknad av alle interessentar særskilt viktig før tiltaksutvikling.

Programplan for System for styrka læring er i samsvar med måla for prosjektet «*Livsmeistring- robuste barn og unge*».

Der eit av fagområda i programplaner er fysisk og psykisk helse som inneber kompetanse til å fremme fysisk og psykisk helse og bevisste val til å meistre medgang og motgang.

I programplan for System for styrka læring i Sogn står det: «*Livsmeistring og helse er eit tema med sentral plass i Rammeplan for barnehagen og er eit av tre tverrfaglege tema i Læreplan for grunnskulen og fagfornyinga. Me må styrke barna sitt oppvekstmiljø og gje dei kompetanse som fremmar god fysisk og psykisk helse, noko som har betydning for framtida deira og for folkehelsa. Godt arbeid på dette feltet styrkar og læringa til barna*».

I tida framover er det planlagt eit samarbeid mellom «Livsmeistring- robuste barn og unge» og arbeidet til Sogn Regionråd.

Ole Gunnar er godt oppdatert på prosjektet, men ta kontakt viss du har spørsmål kring «Livsmeistring- robuste barn og unge». Eg har lagt ved prosjektplan.

På førehand tusen takk☺

Med vennleg helsing

Marte Kvisterø Krogstadmo

Prosjektleder- folkehelse

Luster Kommune

Tlf: 47642083

Fra: Anita Foss Midlang [Anita.Foss.Midlang@sogndal.kommune.no]

Til: Postmottak Sogndal kommune [Postmottak@sogndal.kommune.no]

Kopi:

Sendt: 25.05.2021 11:54:45

Emne: VS: Rådsmøte 25 mai. Samfunnsplan

Vedlegg:

Innspel til samfunnsplan frå rådet med personar med nedsett funksjonsevne

Fra: limathi2 <limathi2@online.no>

Sendt: tysdag 25. mai 2021 10:00

Til: Anita Foss Midlang <Anita.Foss.Midlang@sogndal.kommune.no>; Birte Barsnes Frøyd <Birte.Barsnes.Froyd@hvl.no>;

Tordis Søvde <tordis.sovde@outlook.com>

Emne: Rådsmøte 25 mai. Samfunnsplan

Hei. Sender innspill til samfunnsplanen slik siden vi ikke får vært med på denne delen.

Samfunnsplan Sogndal kommune, rådsmøte 25 mai 2021

Innspill \ diskusjon

- Planen er veldig detaljert på enkelte allmenne tiltak, men mangler konkretisering om eks behovet for tilgang til basseng/bading for revematikere, rehabilitering etc, hørsel \synskontakter ol. som rådet har satt fokus på i budsjettprosess.

Det kunne vært tydeligere nevnt noe om habilitering og rehabilitering i alle livets faser.

- Samfunnsplanen setter og fokus på behov for fysisk tilrettelegging av forskjellig slag. Samfunnsplanen \ Sogndal kommune bør ta initiativ til en plan for universell utforming. Dette bør og være et eget punkt i planen. Hva er status i dag innenfor offentlige bygg, turstier, offentlige wc osv. og hvordan jobber en videre med dette?.

- Kompetansemiljø i eliteserien

- Sikre gode digitale løsninger for de som ikke kan benytte seg av bank-id. Gode alternativer til bank-id.

- **Fruktbare tettstader**

Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel

Boligsosialhandlingsplan bør komme som et eget punkt i samfunnsplanen. Og der en tar opp status for utsatte grupper ved kartlegging av behov mht til bolig, behov i vanlig boligmarked, behov for avlastning, omsorgsboliger, osv.

- Sogndal kommune bør ta stilling til hvordan en tenker bruken av rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne videre i arbeide om samfunnsplanen. Bør det videre arbeidet med samfunnsplanen være satsningsområde for rådet, der rådet og kommune sammen setter fokus på behov- løsninger\tiltak og medvirkning fra gruppene som rådet favner om?. I så fall må rådet ha mer enn 4 møter i året.

Samfunnsplanen har slik vi vurderer den mange gode målsettinger, men hvordan skal en nå alle målene for alle kommunens innbyggere? Her ser vi fram til å kunne bli dratt med i det videre arbeidet med utforming/konkretisering av tiltak.

Linda Mathisen\Ssafo

Uttale til Samfunnsplan fra Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

1. Det er ein god og omfattande samfunnsplan med gode tiltak og oversikt over mange område.

Enkelte område er svært detaljert, mens andre er generelle.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som jobbar for integrering og deltaking i samfunnslivet for kvar einskild bebuar i kommunen ser at tiltaksoppbygginga legg fokus på barn og unge, eldre og utsette grupper m.m. .

Mange tiltak må gå på tvers av dette og det må avklarast behov og tiltak på tvers av gruppene.

Rådet ønskjer at det blir innarbeidd i planen

1. Boligsosial handlingsplan for Sogndal kommune
2. Plan for Universell tilrettelegging i kommunen, inkl. kartlegge behov og iverksetjing av tiltak
3. Rehabilitering for alle grupper, særleg a) varmtvasstrening og b) hørselsomsorg
4. Tiltak som gjeld personar med nedsett funksjonsevne generelt

HØYRINGSUTTALE SAMFUNNSDELEN I KOMMUNEPLANEN

Aktivitets- og friluftsrådet har på møte 3. mai, hatt planutkastet oppe til drøfting med tanke på ein uttale. Uttalen er samrøystes vedteken.

Rådet vil gi ros for medverknadsprosessen som har vore og måten planen er utarbeidd og presentert på. Den er godt gjennomarbeidd og viser retnings framover med gode målformuleringar.

Det er viktig at planen føl opp og omfattar alle lokalsamfunna i kommunen. Det må i det vidare planarbeidet vere stor merksemd på utfordringane knytt til oppfølging knytt til konkretisering av tiltak, og økonomiske ressursar som gjer det mogeleg å følge opp målformuleringane.

Rådet har i sin gjennomgang av planen hatt mest merksemd på satsingsområdet “Skapt for aktiv livsstil” der m.a. ulike frivillige organisasjonar, i samarbeid med kommunen, vil ha ei sentral rolle i konkretisering av måla i planen.

Det er svært positivt at planen har mykje merksemd på tilrettelegging av eigenorganisert aktivitet, og korleis dette kan bidra til ein aktiv livsstil og betre folkehelse på tvers av alle aldersgrupper.

Konkrete punkt som rådet håpar vil komme inn som punkt i planen under “kva som må gjerast for å oppnå ynskjemåla”:

- Kommunen vil tilstrebe å vere ein føregangskommune i å utvikle ordningar som gjer at lag- og organisasjonar har så låge leigeavtalar som mogeleg for å utøve aktivitet.
- Kommunen vil styrke ressursane til administrasjon innan fagfeltet fysisk aktivitet og friluftsliv, og prosjektstyring knytt til anlegg, til eit nivå som er tilpassa ambisjonane i planen.
- Kommunen tek mål av seg om å bidra til drift og anlegg til idrett, på minimum snittet for si KOSTRA-gruppe.
- Under tema “Best på oppvekst” - utsette barn og ungdom – Kva må gjerast? “Sørge for at barn i låginntektsfamiliar har moglegheit til å delta i barnehage, SFO og alle aktivitetar i skulen + **fritidsaktivitetar**
- Under tema “Skaparkraft”, saknar vi frivillig sektor som ein del av samfunnsmåla

Sogndal Eldreråd - innspel til utkast til samfunnsplanen for Sogndal kommune.

Sogndal Eldreråd meiner at utkastet til samfunnsplan for Sogndal kommune har mange gode mål og nemner viktige tiltak som vil bringe kommunen vidare i ein positiv retning .

Eldrerådet finn det særst positivt at det vert vedteke planar som formulerer positive mål og gode tiltak. Men gode planar er ikkje nok.

Det overordna målet er vi skal kunne leve det gode liv i Sogndal kommunen.

Eldrerådet vil i den samanheng minne om og sterkt understreke at dei viktigaste føresetnadane for å kunne nå det overordna målet er at kommunen har tilstrekkelege økonomiske ressursar og god bemanning med høg kompetanse på alle område.

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs for å nå måla i samfunnsplanen. Kommunen må difor ha ein god personalpolitikk. Kommunen må tilby trygge og stabile arbeidsvilkår som skal hindrar stor gjennomtrekk, med negative konsekvensar for innbyggjarane og for kommunen som eit heile.

Det gode liv føreset at kommunen har gode tilretteleggingar, gode tenester i alle fasar av innbyggjarane sitt liv.

Ein god alderdom er ikkje i seg sjølv nok for å kunne leve det gode liv. Kommunen må marknadsføre seg som open, vennleg og triveleg for alle aldersgrupper.

Kommunen bør ha som mål å kunne forsvare å marknadsføre seg som ein av dei beste kommunane i landet å bli gamal i. For å lukkast med å nå eit slikt mål må Sogndal kommune vere eit berekraftige lokalsamfunn, med alle dei utfordringar og konkretiseringar som samla ligg i dette målet.

Eldrerådet vil peike på nokre konkrete mål og tiltak som bør verte eit tydeligare del av samfunnsplanen:

Stortingsmeldinga "Leve hele livet" er eit godt grunnlagsdokument for hente tiltak og målsettingar som kan gje innbyggjarane det gode liv.

Samfunnsplan bør noko meir konkret ta opp i seg og konkretisere tiltak som motverkar einsemd, styrkar samarbeid med kommunen, avlastar pårørande og lettar informasjonsflyten til og frå personar som manglar digital kompetanse.

I bustadpolitikken må kommune satse sterkare på sentrumsnære lettdrivne bustadtilbod for eldre og uføre. Dette krev meir aktiv tilrettelegging av tomter og gode fellesløysingar med universell utforming i sentrum, i alle deler av kommunen.

Det må vere lett tilgang frå sentrum til naturen og friluftaktivitetar.

Planutkastet har fleire gode formuleringar her som er eit godt utgangspunkt for gode løysingar.

I eit 20 – 30 års perspektiv vil kommunen få ei betydeleg eldrebølge også i sentrumsområda, til dømes i Sogndal. Samfunnsplanen bør alt no ta omsyn til dei langsiktige utfordringane. Dei må takast omsyn til, både når kommunen vel gode løysingar for dagens behov og slik at dei løysingar ein vel i dag ikkje hindrar gode løysinga i eit lengre perspektiv.

Gode interne kommunikasjonar i kommunen er viktig. Det styrkar VI- følelsen, styrker engasjement, lettar involvering og fremjar innkludering.

Planen sine mål om brei involvering er sær positive og må vere forpliktande for kommunen.

Eldrerådet syner elles til sitt innspel til årsbudsjettet for 2021 og økonomiplanen

Fra: Rita Navarsete [ritanavarsete@gmail.com]

Til: Postmottak Sogndal kommune [Postmottak@sogndal.kommune.no]

Kopi:

Sendt: 05.05.2021 05:28:22

Emne: Innspel til Samfunnsplan

Vedlegg:

Sogndal Frp vil komme med desse innspela til Samfunnsplan.

1) Ny Barnehage /skule på Kaupanger (det hastar med det)

2)Det må settes i gang med byggefelt på Bjedla i Sogndal

Helsing

Rita Navarsete

Leiar Sogndal Frp

Merknad til samfunnsdelen i kommuneplanen frå Sogndal Idrettsråd

Sogndal idrettsråd har gått gjennom framlegget til Samfunnsdelen til Kommuneplanen. Det er ein gjennomarbeidd og god plan. Vi vil og gje honnør til utforminga av planen, han er oversiktleg der satsingsområda kjem klart fram

*Eit av desse satsingsområda er «**Skapt for aktiv livsstil**» der idretten har ei sentral rolle. Ein aktiv livsstil er viktig for folkehelsa. Idrettslaga i kommunen er eit viktig instrument i arbeidet med å få dette til. Planen handlar mykje om eigenorganisert aktivitet. For idrettslaga og deira medlemmar er organisert aktivitet også viktig. Vi meiner det er viktig at:*

- 1. kommunen også er en bidragsyter til anlegg for idrettsaktivitet for alle innbyggere. Like viktig er også å spele på lag med idrettslaga for å rehabilitere eksisterande anlegg. Gode og føreseielege rammevilkår har då ei sentral rolle, herunder også satsing på nok og funksjonelle anlegg både nybygg og rehabilitering av eksisterande anlegg. Vi meiner difor at punkt 5 c under “Skapt for aktiv livsstil” også må gjelde breiddeidretten.*
- 2. lag og organisasjoner ha forutsigbare og rimelege vilkår til dømes husleige eller andre tenester frå kommunen. Kommunen bør bidra til drift og anlegg til idrett, på minimum snittet for si KOSTRA-gruppe. Dette punktet er viktig å sjå i samanheng med heile punkt 5 under “Skapt for aktiv livsstil”.*
- 3. vi saman legg til rette for alle funksjonsnivå – skape eit inkluderande idrettsmiljø, som vi opplever er i samsvar med satsingsområde punkt 3 under “Skapt for aktiv livsstil”.*
- 4. ein no har 1 ansatt i 100% stilling som konsulent for idrett og friluftsliv. Det er eit viktig fagleg tilbod og støtte til våre idrettslag og utvikling av desse. Idretten meiner det er naudsynt å styrke dei administrative resursane for å komme ambisjonsnivået i planen i møte. Det vil bidra med kompetanse og ressursar til å nå ambisjonsnivået i planen.*
- 5. vi legg til rette for tilgang til naturopplevingar i skog og mark. Anten ein går, sykklar eller spring, er det svært bra for psykisk og fysisk folkehelse. Det er gratis, og kvar og ein kan gjere aktiviteten på sin måte. Dette er “gytegroper” for den organiserte idretten. Sjå også vedlagt innspelt frå Vetlefjorden idrettslag om å vedlikeholde turstier og lysløype.*
- 6. dagsturhyttene er etablert fleire stader i kommunen. Etablering av gapahuker/enkle lebygg til bruk for ålmenta kan og vere rimelege og gode tiltak for å auke bruken av naturopplevingar. Vegtilkomst og tilrettelegging med parkeringsplassar i dei aktuelle nærområda er føresetnader for å få dette til. Her vil sjølvsgt samarbeid og avtale med grunneigarane vere avgjerande.*

07.02.2021

**SOGNDAL
IDRETTSRÅD**
sogndalidrettsraad@gmail.com

7. På side 4 ønsker vi at frivillig sektor vert teke inn i setning: "Innbyggjarane, næringslivet, **frivillig sektor** og dei andre skapande kreftene i kommunen er den viktigaste drivkrafta for ei aktiv nærings- og samfunnsutvikling."

Vi ber om at våre innspel (1-7) blir inkludert i listene «Prinsipp for arealdelen av kommuneplanen» og «Føringar for økonomiplanen» i den grad desse ikkje alt er dekkja av punkta som er lista opp der. Utover dette går vi ut i frå at vedtekne nybygg av idrettsanlegg og tiltak som ligg inne i budsjettet for 2021 og gjeldane økonomiplan blir gjennomført, og av den grunn ikkje er eller treng å bli ført opp på listene «Prinsipp for arealdelen av kommuneplanen» og «Føringar for økonomiplanen». Om ikkje ber vi om at desse blir ført opp i samsvar med tidligare innspel og høyringar.

Sogndal Idrettsråd ønskjer å bidra til at måla i samfunnsplanen blir ivaretekne. Vi ser fram til eit godt samarbeid med Sogndal kommune i åra framover..

For Sogndal Idrettsråd

Tobias Dahle

- leiar -

07.02.2021

**SOGNDAL
IDRETTSRÅD**
sogndalidrettsraad@gmail.com

Vedlegg 1 Vetlefjorden idrettslag

Fra: Jenny Kristin Menes <jenny.smenes@gmail.com>
Sendt: mandag 3. mai 2021 20:25
Til: tobias.dahle@disfva.no
Emne: Fwd: Innspill til samfunnsplanen fra Vetlefjorden idrettslag

Hei. Her er en uttalelse fra Vetlefjorden idrettslag. Hvis det ikke passer med det Idrettsrådet skal sende, kan jeg gjerne få beskjed, da kan den sendes separat.

Vennlig hilsen Jenny Menes, sekretær Vetlefjorden idrettslag

----- Forwarded message -----

Fra: Jenny Kristin Menes <jenny.smenes@gmail.com>
Date: man. 3. mai 2021, 13:53
Subject: Innspill til samfunnsplanen - FRIST I DAG 3.mai
To: Terje Midttun <terjem36@gmail.com>, Ina <lnahoy71@gmail.com>, Clemens Witt <clemens.witt@gmx.de>, <atle@dalekraft.no>

Hei. Sogndal idrettsråd ønsker å gi en felles uttalelse til samfunnsplanen og har bedt om innspill fra de ulike idrettslagene. Jeg har lest gjennom og har noen kommentarer, sender inn i kveld om ingen har sterke innvendinger.

Jenny

Innspill til samfunnsplanen fra Vetlefjorden idrettslag

Vetlefjorden idrettslag er et lite lag med god oppslutning i forhold til innbyggertall, de 121 medlemmene tilsvarer flere enn de som bor i Fjordane. Vi forsøker å bidra til lokalsamfunnet ved å holde lysløype i Trolløyane åpen om vinteren, holde Vetlefjorden grendahus i stand og bidra til fysisk aktivitet og folkehelseiltak lokalt.

Vetlefjorden idrettslag ser det som positivt at det er et uttalt ønske om å levere likeverdige tjenester og at kommunen vil jobbe for at alle lokalsamfunnene gir rammer for god livskvalitet. Vi ser det som positivt at kommunen ønsker å se skoler og barnehager som en del av lokalsamfunnet, noe som er veldig viktig for bygda vår.

Vi er glade for at kommunen ønsker å satse på bygdehusene og lokale turstier. Vi savner likevel konkrete forslag til hvordan kommunen vil utvikle de minste og mest sårbare bygdesamfunnene utover å nevne turisme og tilgjengelige boliger. Tettstedene er nevnt som et eget hovedpunkt i planen, og selvfølgelig er det viktig med gode løsninger for tettstedene, men vi mener at tettstedene lettere enn de spredtbebygde områdene vil kunne tiltrekke seg innbyggere generelt og ressurspersoner spesielt. Vi savner et eget punkt i samfunnsplanen for hvordan man skal beholde innbyggere på de minste stedene og også få tilflyttere. Dette er krevende arbeid som krever en bevisst strategi. Vi støtter punktet om at bolighus ikke bør omreguleres til fritidsboliger, men mener kommunen må ha en offensiv holdning til utvikling av sine perifere områder, både i Vetlefjorden og andre mindre steder. Trygghet for arbeidsplasser, skoler og barnehager er helt vesentlig, og tilgjengelige boligtomter er nødvendig. De minste bygdene har god mulighet til å ta imot og inkludere innflyttere, og dette potensialet kan gjerne trekkes fram i samfunnsplanen.

07.02.2021

**SOGNDAL
IDRETTSRÅD**
sogndalidrettsraad@gmail.com

For å vedlikeholde turstier, som er nevnt som et viktig punkt i planen, trenger en mennesker som er stolte og kjent i sitt nærområde, og den beste garantien for dette er at det bor folk på hver enkelt av gårdene og småstedene rundt i kommunen.

Innspel til Samfunnsplan 2021 – 2030

Om planarbeidet

Det er gjort eit solid og godt arbeid med utkast til Samfunnsplan 2021 – 2030 for Sogndal kommune. Vi er godt nøgd med arbeidet for å sikre brei medverknad i utforming av planen, noko det store talet innspel til planarbeidet syner.

Sogndal kulturråd tykkjer og at grepet med å fokusere på fem satsingsområde; *best på oppvekst, skapt for livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstadar og utviklingslokomotiv i Sogn* er eit spennande grep for å nå dei tre samfunnsmåla *livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit* i samfunnsplanen. Vi trur dette vil medverke til auka engasjement og forståing for samfunnsplanen sin rolle i planverket og utvikling av kommunen.

Vi vil i det følgjande først gje ein generell kommentar til høyringsutkastet. Vi har òg konkrete innspel til dei fem satsingsområda i planen.

Generelle kommentarar til høyringsutkastet

Sogndal kulturråd saknar konkrete og langsiktige mål og strategiar for kulturfeltet under dei ulike satsingsområda. Eit slikt strategisk grep kunne vere å programfeste utarbeiding av årleg kulturmelding til handsaming i kommunestyret. Vi ber difor om at dette vert lagt inn som del samfunnsplanen.

Det er òg viktig at kommunen i samfunnsplanen er tydeleg på at kommunen vil vidareføre arbeidet med brukarstyrte råd og vil ha tett dialog og gode medverknadsprosessar mellom kultursektoren og kommunen, både i eit generasjonsperspektiv (born, ungdom, vaksne og eldre). Samtidig er det viktig at ein ser på profesjonelt kulturarbeid som eit gode for alle innbygarane i kommunen.

Under satsingsområde «Skapt for aktiv livsstil» vil vi minne om at kultur og frivillig sektor har stor verdi i eit folkehelseperspektiv (frivillig sektor sin rolle for å gjere kvardagen betre og styrke folkehelsa for ungdom og folk flest i kommunen vår i eit generasjons- og livsløpsperspektiv). Dette kunne med fordel ha kome tydelegare fram i dette satsingsområdet.

Vi ber òg om at kommunen vurderer å nytte omgrepet **lokalsamfunn** heller enn **tettstad**.

I planprogrammet til samfunnsdelen har Sogndal kommune definert Sogndal sentrum, Leikanger, Balestrand, Fjærland og Kaupanger som tettstader i kommunen. Dette kan skape forvirring i framtidig bruk av planen, der grende- og bygdelag tilsynelatande ikkje har ein naturleg plass i samfunnsplanen. Dette kan òg ha konsekvensar for utarbeiding av arealdelen.

FN sine 17 berekraftsmål, som vart vedtekne i 2015, har ført til eit fornya fokus på berekraftig utvikling. Desse berekraftsmåla burde ha vore omtala i større grad. For understreke betydninga og sikre legitimiteten til berekraftsmåla bør dei i større grad koplata til dei fem satsingsområda i samfunnsplanen.

Konkrete innspel til satsingsområda i planen

Best på oppvekst

3. Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling

Endre punkt:

- i. Samarbeide med dei vidaregåande skulane, **folkehøgskulen** og HVL for å vidareutvikle utdanningsløpet.

Nye punkt:

- Integrere kulturtilbodet i kommunen aktivt i skule og barnehage.
- Sjå til at alle skular og barnehagar har rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar.
- Samhandle tett med Sogn kulturskule.

Endre tittel: 5. Lokalsamfunn som innbyr til fritidsaktivitet, **kulturelle opplevingar** og sosiale møte

Endre punkt:

- e. Vere pådrivar for at **Sogndal kulturhus** og bygdehusa har eit mangfaldig aktivitets- og **kulturtilbod** og fungerer som møteplassar på tvers av alder.

Nye punkt:

- Sikre fortsett gode rammevilkår for biblioteket i Sogndal og gode bibliotektenester i heile kommunen.
- Avklare status, bruk og behov for opprusting av lokale møteplassar og organisasjonseigde kulturhus (grendahus, bedehus osv.).

6. Gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv

Endre punkt:

- b. Vere pådrivar for god marknadsføring av det lokale vidaregåande – og studietilbodet, **folkehøgskulen** og av butilhøva i Sogndal.

Kompetanse i eliteserien

Nye punkt:

- Bidra til å sikre at Sogndal folkehøgskule får gode rammevilkår og vert ein naturleg samarbeidspart i kompetansemiljøet i kommunen.
- Styrke kulturfagleg kunnskap og kompetanse i kommunen.

Skapt for aktiv livsstil

Endre tittel: 4. Stor breidde i organiserte og eigenorganiserte fysiske og **kulturelle** aktivitetstilbod

Endre punkt:

- g. Vere pådrivar for at lag og organisasjonar samarbeider om å gi barn, ungdom og eldre eit meir mangfaldig **kultur-** og aktivitetstilbod.

Nytt punkt:

- Styrke kulturtilbodet ved å legge til rette for samarbeid mellom amatørar og profesjonelle utøvarar.

Fruktbare tettstader

1. Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel

Endre punkt:

- h. **Understreke kulturens skapande kraft** og sørge for at tettstaden har arenaer for kunst og kultur og gjere staden til ein naturleg lokalisingsstad for fritidsaktivitetar og arrangement.
- i. **Styrke innsatsen for å verne og sikre kultur- og naturarven og gjere kultur- og naturarven** til ein levande del av **lokalsamfunna**.

4. Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk

Nytt punkt:

- Vere pådrivar for å ta vare på eksisterande bygningsmiljø i utvikling av tettstad- og lokalsamfunn.

6. Helsefremjande tettstader som gir betre psykisk og fysisk helse

Nytt punkt:

- Nytte kulturelle aktivitetar og opplevingar aktivt inn mot alle aldersgrupper for å styrke folkehelsa.

Prinsippa for arealdelen i kommuneplanen

Endre punkt:

- 16: Legge opp til at tettstadene får ei god estetisk utforming gjennom tilpassing til landskapet, kunst, design, arkitektur, *lyssetting*, kulturminne og varierte blågrøne strukturar.

Nytt punkt:

- Utarbeide felles kulturminneplan for heile kommunen med omsynssoner og føresegner i kommuneplanen

Vi ønskjer Sogndal kommune lukke til med det vidare arbeidet!

Med beste helsing



Christoffer Knagenhjelm

Leiar, Sogndal kulturråd

Innspel samfunnsplan frå Sogndal Senterparti

Det er eit godt utkast til plan, med mange gode vyer for Sogndal kommune i framtida!

Innspel til struktur og oppbygging av planen:

- Fornuftig å dele inn etter overordna tema, men samtidig må ein vere obs på at det ikkje alltid er «opplagt» kva temaområde som omhandlar kva type tiltak. T.d står det om kommunale tenester til studentar under «Kompetansemiljø i eliteserien», medan bustadar til studentar er omtalt under oppvekst. Kanskje ein bør ha emneknaggar e.l i tillegg der ein samlar alt som er omtalt under spesielle stikkord?
- Må passe på at det er likt detaljeringsgrad/ nivå på dei ulike tiltaka; no er ein veldig konkret og spissa på nokre område, medan ein er veldig overordna på andre. Bør legge seg likt uavhengig av tema. T.d er dette eit tiltak som ser ganske snevert ut samanlikna med dei fleste andre i planen: *Lære av korleis Lærdal har jobba med produktutvikling og innovasjon i landbruket*
- Bør tydeleggjere kva ein legg i gjennomgåande begrep, t.d «tettstadar». Kva geografisk område snakkar ein om her, og kor går grensa for kva som er ein tettstad? På same måten, kva for ambisjonar/mål har kommunen med dei grendene/områda ein ikkje har definert som tettstad?
- Konkret eksempel på bruk av tettstad som kan skape forvirring er denne formuleringa: *Unngå bygging på matjord i og utanfor tettstaden*. Kor er grensa for «utanfor tettstaden»?

Innspel til område som manglar/ må bli meir utdjupa:

- Sogndal folkehøgskule er ikkje nemnt i det heile – dette er også ein kompetansearbeidsplass og god rekrutteringsarena, og kommunen er vertskommune for denne institusjonen på same måte som dei vidaregåande skulane og høgskulen.
- Det er mykje fokus på folkehelse gjennom idrett og fysisk aktivitet, men helsetenester elles er lite omtalt. Her er det viktig for kommunen å rekruttere/ bygge/ vidareutvikle (spesialist)kompetanse i samarbeid med sentrale aktørar som t.d Lærdal sjukehus og høgskulen.

- I forlenginga av dette, bør kommunene ha som målsetting å vere ein føregangskommune når det gjeld å tilby lærlingeplassar, praksisplassar for studentar og turnus også innanfor helse- og sosial.
- Inkludering, mangfald og integrering, spesielt med tanke på busette flyktningar – her må ein vere tydlegare på korleis kommunen skal følgje opp ansvaret sitt for denne gruppa, som vil vere ein viktig del av innbyggjarveksten framover.
- Saknar fleire overordna målsettingar og satsingar på kultur og kulturtilbod.

På vegne av styret i Sogndal Senterparti,

Bente Sønsthagen, lokallagsleiar. 06.05.2021.

Samfunnsplan 2021 – 2030 framlegg frå SV

Sogndal SV ynskjer å gje ros til prosess og arbeidet som har vorte gjort med samfunnsplanen. Det har vore eit stort engasjement frå fleire. Nokre av innspela kan vera for detaljerte, me ber då om at innspela vert med i eit ev. delplanarbeidet.

Framlegg frå SV

Sogndal SV stør dei satsingsområda som er lagt til grunn i planen.

Sogndal SV bed om at målet «miljømedvit» vert innarbeidd i visjonen på linje med livskvalitet og skaparkraft/utviklingskraft.

Satsingsområde 1: Best på oppvekst

Nytt 1.1 g: Auke talet på tilsette med barnehagelærarutdanning og sosialfagleg kompetanse i barnehagane

Nytt 1.1. h Styrke skulehelsetenesta med meir tid på skulane i kommunen

Nytt punkt før 1.2.a: Styrke førebyggjande arbeid og tidleg innsats for barn, unge og barnefamiliar med behov for rådgjeving og hjelp.

Nytt punkt etter 1.3.b: Gradvis innarbeide gratis SFO slik at lekser og organiserte fritidsaktivitetar i samarbeid med dei frivillige organisasjonane kan gjennomførast på skulen

Nytt pkt. under 1.3: Innføre prøveordning med felles skulemåltid

Satsingsområde 2: Skapt for aktiv livsstil

Nytt 2.6: Eit aktivt kulturliv

- a. løfte løyvingane til folkebiblioteket, slik at biblioteket kan vere ein arena for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle
- b. trygge og utvikle tilbodet til kulturskulen
- c. stimulere til at barn og unge med minoritetsbakgrunn søker seg til kulturskulen
- d. løfte Sogndal som kunstkommune
- e. utvikle ein kommunal kultur- og frivilligpolitikk i samarbeid med dei frivillige organisasjonane innan kultur, idrett og friluftsliv
- f. styrke kultur- og fritidstilbodet til ungdom
- g. gje det frivillige kultur- og idrettslivet trygge og føreseielege rammevilkår og meir frie midlar som dei kan nytte i tråd med egne prioriteringar. Spesielt må idrettsrådet sikrast egne midlar der idretten sjølv prioriterer bruken
- h. bygge ein fleirbrukshall i Sogndal for å dekke etterslepet i skulane og hallidrettane sine behov for tilgjengeleg og rimeleg hallareal til trening og konkurransar
- i. ha tilbod om eigna øvingslokale for lag og organisasjonar, og opne lokale for eigenorganisert aktivitet i alle tettstadane i kommunen
- j. etablere livsynsope seremonilokale

Nytt 2.7 Aktiv samfunnsdeltaking

- a. Utvikle digitale arenaer for tovegs kommunikasjon og samskaping mellom kommunen og innbyggerane – i tillegg til strøyming av møte og informasjon frå kommunen
- b. ha forsøk med innbyggjarinvolvering i budsjettering, gjennom ei form for deltakande budsjettering
- c. sleppe til dei nye innbyggerane og dei yngre generasjonane ved å ta i bruk nye deltakingsformer
- d. ha ein open kommune med tydeleg kommunikasjon, tilgjengelege planar og opne kommunale prosessar slik at innbyggerane kan følgje med på prosessane i kommunen

Satsingsområde 3: Kompetansemiljø i eliteserien

Nytt pkt. 3.1: Eit allsidig og framtidretta arbeid for næringsutvikling

- Satse breitt på næringsutvikling, og vere observante på utviklingspotensialet i heile det varierte næringslivet i kommunen
- Gjere kommunen til ein føregangskommune for utvikling av grøn teknologi i samarbeid med lokalt næringsliv, høgskule og forskingsorganisasjonar
- Utvikle samarbeidet mellom kommunen og det lokale næringslivet, mellom anna gjennom ein årleg næringskonferanse der ein set fokus på viktige utviklingsområde for det lokale næringslivet
- Støtte lokale gründerar
- Satse på miljø og innovasjon i kommunale innkjøp
- Bruke kommunale innkjøp til å styrke lokalt næringsliv
- Delta aktivt i arbeidet for å utvikle ViteMeir-senteret på Kaupanger

Pkt. 3.2. g: stryke «først og fremst knytt til oppvekstsektoren

Satsingsområde 4: Fruktbare tettstader

Flytte 4.2 a, c og d til 4.1.

Flytte 4.1 a-c til nytt 4.2 Bustadbygging

Nytt 4.2 Bustader for alle

- e. Etablere kommunalt tomteselskap og bustadbygging i regi av bustadbyggelag
- f. Ikkje tillate omgjerung av familiebustader til utleigeobjekt
- g. Legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar, også for eldre
- h. Utvikle eller bidra til gode omsorgsbustader i alle tettstader for ulike grupper
- i. Legge til rette for rimelege bustader for førstegongsetablerarar, både einslege og småbarnsfamiliar

- j. At det må vere rom for varierte bustadformer. Det må leggest til rette for eigeninnsats, utbygging i regi av bustadbyggelag og leige-til-eige. Innføre ei ordning med leige til eige for 1-3 familiar i året som ikkje er kvalifisert til ordinært startlån(Jmf Kongsvinger kommune).
- k. Stille klare kvalitetskrav og klimakrav til utforming av nye bustader og bustadområde
- l. Legge til rette for «klyngetun» med miljøvenlege bustader og høve til å delta i matproduksjon

I pkt. 4.4 e-g) erstatte «vere pådrivar» med «stille krav om».

Satsingsområde 5: Utviklingslokomotiv i Sogn

Pkt. 5. 3. b: Prioritere rassikring og gul midtstripe på vegane for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman og sikre tryggleiken på vegane.

5. 3. c: Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom Sunnmøre/Florø og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet og forbi Sogndal sentrum.

5. 3. f: ... utsleppsfritt, *fleksibelt* og teknologidrive

Nytt punkt 5. 3. g: Vere ein aktiv deltakar i arbeidet for opprusting av Fjordvegen mellom Sauda og Sogndal, og arbeide for Vikafjellstunnelen

Prinsipp for arealdelen av kommuneplanen

2: Som hovudregel disponere arealbruk i tettstadene gjennom heilskaplege områdeplanar og *utbyggingsprosjekt*.

4: Byggje innanfrå og ut for å utnytte arealet effektivt, og setje grenser...

28: Krav om fossilfrie....

For Sogndal SV

Steinar Øydvin

-leiar-

6.mai 2021

Høyringsuttale på samfunnsplanen frå Sogndal ungdomsråd.

Psykisk helse:

I samfunnsplanen er det for lite fokus på psykisk helse. Det er stor mangel på informasjon om psykisk helse, både generell informasjon om psykisk helse, og ikkje minst korleis ein skal få hjelp, og kven ein skal kontakte. Psykisk helse er for nedprioritert i skulen.

Kunsteriske og kreativ kultur:

I samfunnsplanen sine satsingsområde står det mykje om tilrettelegging for aktiv livsstil, men kva med tilrettelegging for kunst og kultur? Det er allereie eit stort fokus på friluftsliv og sport, og det er bra, men det er ikkje noko fokus på blant anna kunst og kreative aktivitetar. Det er heller inga tilbod om organisert kunstoppplæring for barn og unge som er veldig kjipt, for me kan sjå på for eksempel UKM at det er mange kreative og kunstnariske ungdommar her. Ungdommar saknar andre kulturtilbod enn fysisk aktivitet. Og me i ungdomsrådet ynskjer at kommunestyre skal utforme ein breiare kulturplan enn kva som ligg føre her i samfunnsplanen. Satsinga på kunstnerisk, kreativ og inkluderande kulturaktivitetar må omtalast og komme betre fram i planen.

Møteplassar for ungdom:

Veldig bra at møteplassar for ungdom står tydeleg i samfunnsplanen, det gir oss i ungdomsrådet håp om at me snart kan ha ein plass i kvar bygd som me kan kalle vår. Samstundes setter me spørsmålsteikn ved kva slags møteplassar er tenkt, kven skal drive dei, er det nok ressursar til å drifte desse lokala. Me er bekymra for at det blir vanskeleg å oppretthalde møteplassane om ikkje det ligg ein betre plan på kven som skal eiga dei, driva og utvikla dei.

Transport:

Transport til og frå Sogndal sentrum har i mange år vore dårlege. Det er få eller ingen avgangar på kveldstid. Det må leggest ein betre plan på korleis me som ungdom kan reise fram og tilbake for å bli kjent med kvarandre på kryss og tvers av bygde-grensene. Me opplev at det er mange ungdommar som blir ekskludert frå aktivitetar fordi det manglar skyss til og frå aktivitetar i kommunen.

Best på oppvekst:

Skal kommunen bli best på oppvekst har de ein veg å gå ifht å gjera bygdene og sentrum meir attraktive for ungdom mellom 13-19 år. Me er optimistar når samfunnsplanen har som mål om å bli best på oppvekst. Og vonar at me ungdommar blir tatt med i prosessar som omhandlar våre hjertesaker, psykisk helse, kulturtilbod, møteplassar og transport.

Mvh

Sogndal Ungdomsråd/v sekretær for ungdomsrådet Maria Kalstad Brun, og leiar for ungdomsrådet, Kornelius Haugen.

Innspel til samfunnsplanen, frå Sogndal Venstre

03.05.21

Sogndal Venstre har drøfta utkast til samfunnsplan 2021-2030. Sogndal Venstre meiner at planen:

- er ambisiøs og framoverlent – ein plan som utfordrar, slik vi ønskjer at kommunen vår skal gjere
- er lett å lese, med konkrete resultatmål og opplista aktivitetar
- har definert gode samfunns mål, som sler fast at berekraft skal vere eit gjennomgåande prinsipp i alt vi gjer
- har ei proaktiv og mulegheitsorientert retning - svært bra med førebyggjande perspektiv i satsingsområda
- lukkast godt med å slå fast prinsipp om dialog og samskaping, og at kommunen er villig til å gå inn i ei slik rolle – svært bra
- bør synleggjere dei ulike berekraftmåla i satsingsområda, slik at det blir sterkare forankra at desse omsyna skal vege tungt når tiltak, satsingar og prioriterte berekraftsmål skal følgjast opp
- manglar ei samla analyse som synleggjer utfordringar og mulegheiter, som løftar fram særlege utfordringar og behov. Vi meiner at planen burde styrkast på dette. Til dømes synleggjere – so langt det er mogeleg – å synleggjere og drøfte korleis den ujamne folketalsutviklinga og demografiske utviklinga sler ut i dei ulike delene av kommunen, kva som er utfordringsbiletet konkret. Vi meiner planen treng tydlegare koplingar mellom utfordringsbiletet og strategiar for å møte denne ubalansen. Vi veit at folketalsveksten er svært ujamn. Samstundes, i perioden fram til 2030, som er perioden vi planlegg for, vil Sogndal kommune ha høgare aldring enn gjennomsnittet for kommunane i Vestland, jmf. FHIs folkehelseprofil for Sogndal. Dette sler også ujamnt ut, i de ulike delane av kommunen. Det vil kreve målretta strategiar og satsing. Kva betyr det for investeringar i tenestetilbod? Helse- og omsorgssektoren vil særleg stå i omstilling framover. Både for at dei økonomiske og menneskelege ressursane skal nå fleire, og for at vi skal kunne klare å realisere andre satsingar. Dette burde verte meir drøfta
- Er utydeleg på omtale av kulturens rolle i utvikling av gode lokalsamfunn og som kraft for å utvikle kreativitet og evna til å tenke nytt og annleis
- Saknar grunderskap og innovasjon som tema under Kompetansemiljø, jmf. samfunns mål om Skaparkraft
- Under Fruktbare tettstader bør ta inn punkt om lågterskel møteplassar for ungdom, og utvikle biblioteket som lågterskel møteplass på tvers av befolkningsgrupper
- Bør løfte fram strategiar for å få nytt liv i tomme sentrumslokale, til dømes modellar som baserer seg på sambruk og deling. Fruktbare tettstader bør også ha ambisjonar om lågterskel «skaparhus» og lågterskel kontorfellesskap – coworking, workation mv.
- Bør legge til rette for vi brukar smartbyprinsippa i utviklinga av klima-, miljø- og menneskevennleg tettstadutvikling (Under fruktbare tettstader)
- Bør slå fast at kommunen ønskjer å ta ein aktiv bustadpolitisk rolle og styre, legge til rette for og samarbeide med private aktørar om å gjennomføre ein bustadpolitikk som stimulerer til og får fram bustadutvikling i alle deler kommunen – og at dette vil innebere ein differensiert bustadpolitikk. Planen bør ta opp i seg etablering av bustadkontor og vurdere tomteselskap som grep for å få fart på tomteutviklinga i kommunen

- Bør synleggjere at kommunen ønskjer å vere med å utvikle modellar for minihus, sosiale buformer og delingsløysingar, og legge til rette for at dette kan bli utvikla, både i tettstadene og som fortettings-/innfillprosjekt knytt til gardstun/klyngetun og grender
- Bør ta inn forureining som punkt under Fruktbare tettstader – Kommunen bør ha ein ambisjon om å vere Noregs reinaste kommune – og ha ein tydeleg REIN-profil og politikk for å få til dette
- Ikkje bør omtale enkelt-samferdselsprosjekt (under lokomotiv i sogn).
- Bør løfte fram etablering av interkommunalt friluftsråd som eit verktøy for å ta vare på Sognefjorden, og for å realisere mål om å vere Noregs reinaste kommune. Under satsing Lokomotiv for Sogn: Bidra aktivt til samarbeid og felles forvaltning om natur-, miljø- og kulturverdiar i regionen
- Har definert prinsipp og tiltak innunder arealstrategiar. Det er bra! Bør passe på at desse ikkje blir for detaljerte, at dei er konsistente kvar for seg og samla, og føreseielege slik at dei tener føremålet
- Vurdere å legge inn strategiar for arealrestaurering

I tillegg vil Venstre konkret føreslå at Satsingsområde «Skapt for aktiv livsstil» blir utvida slik:
Ny tittel , punkt 2: Ein kommune som mobiliserer til fysisk aktivitet og meningsfulle liv

Nytt punkt under Aktivitet: Omstille tenester og legge til rette for at folk kan vere mest mogeleg sjef i egne liv, ha tilgjengelege og tilrettelagde butilbod og kan bu lengre i eigen heim

Grunngjeving: Satsingsområdet kan opplevast noko snevert. Fysisk aktivitet er ein viktig strategi for styrkt folkehelse. Samstundes meiner vi at livskvalitet, som er målet, har samanheng med også andre kvalitetar. Venstre meiner at det også bør synleggjerast at folk sjølv har den viktigaste rolla å spele, gjennom retten til å vere sjef i eige liv –

Vi føresler også konkret punkt slik: Under **punkt 1, satsingsområde Utviklingslokomotiv i Sogn: Bidra aktivt til samarbeid og felles forvaltning om natur-, miljø- og kulturverdiar i regionen**

Vi meiner regional utvikling og regionalt samarbeid i større grad også må handle om å ta felles grep om klima og miljøspørsmåla. Vi løyser ei rekke ting saman med naboane, vi forvaltar store naturverdiar saman, vi må styrke samarbeidet på tvers, også for klima, natur og miljø. Til dømes gjeld dette verneområda og Sognefjorden.



Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Heidi Sandvik, 5764 3151

Fråsegn til offentleg høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen 2021-2030 for Sogndal kommune

Vi viser til oversending dagsett 24.3.2021.

Generelt om samfunnsdelen

Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sitt verktøy for heilskapleg planlegging og styring. Viktige utfordringar for samfunnsutvikling skal leggjast vekt på, og planen skal synleggjere dei strategiske vala til kommunen. Spesielt viktig er dette for sentrale samfunnsområde som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk, m.m., jf. rettleiar T-1492 frå Klima- og miljødepartementet, *Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen - handlingsdelen*. Miljøutfordringar, helseutfordringar og utfordringar for universell utforming er andre tema som samfunnsdelen bør svare ut. Samfunnsdelen skal også synleggjere utfordringar, mål og strategiar for kommunen som organisasjon, der planen mellom anna skal gi dei overordna måla for sektorane si planlegging.

Utvikling i kommunen skal skje berekraftig, og planlegginga må difor søkje langsiktige løysingar som tek omsyn til miljø og berekraft framfor kortsiktig økonomisk vinst. Samfunnsdelen skal også gi føringar for arealdelen til kommuneplanen, til dømes for folketalsutvikling og utbyggingsmønster.

Merknader til planen

Kommunen har peikt ut «livskvalitet», skaparkraft» og «miljømedviten» som samfunns mål. Desse måla er vidareførde i fem satsingsområde: Best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstader og utviklingslokomotiv i Sogn.

Planen skal legge føringar for heile kommunen sitt virke, og skal gjennomsyre administrative styringsdokument. Konkrete konsekvensar av planen er synleggjort i kapitla «Prinsipp for arealdelen til kommuneplanen» og i «Føringar for økonomiplanen».

I forslaget er det sagt at samfunnsplanen ikkje viser til alle dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, men legg til grunn at alle tenestene skal ha god kvalitet og vere i tråd med gjeldande lover. Planen skal gi retning til korleis kommunen oppfyller samfunnsoppdraget og peikar på kva område ein skal rette ein særleg innsats mot. For kvart av dei fem satsingsområda er det laga ein tabell med fleire



punkt om kva kommunen ønskjer å oppnå (resultat), og med fleire underpunkt om korleis det skal gjerast (aktivitet). Dette konkretiserer korleis kommunen vil oppfylle satsingsområda. I tillegg er det eit kapittel med 28 punktvisse prinsipp for arealdelen av kommuneplanen, som skal gje føringar for arbeidet med arealdelen.

Statsforvaltaren vil gje ros til kommunen for eit godt og gjennomarbeidd planframlegg.

Vårt inntrykk er at planen i hovudsak legg til rette for bygging og utvikling i og nær sentrumsområda, og elles at det skal leggest vekt på gode oppvekstforhold og fysisk aktivitet. Det er nemnt mange viktige «aktivitetar» og «prinsipp» som skal legge grunnlag for gode tettstader og bumiljø i den nye kommunen.

Vi konstaterer at FN sine berekraftsmål er med som grunnlagsdokument (vedlegg) til samfunnsplanen. Berekraftsmåla er kort omtalt under samfunnsmåla, men elles lite referert til i planen.

For å møte klima- og miljøutfordringane i vår tid må heile samfunnet gjennom ei omstilling til eit klimarobust lågutsleppsamfunn. Det vil vere viktig å forstå og vektleggje verdien av samspelet mellom arealbruk som sikrar naturmangfald, utsleppsreduksjon og klimatilpassing. Berekraftsmåla knytt til naturgrunnlaget i biosfæren (mål 6, 13, 14 og 15) dannar grunnlaget for utviklinga og vil vere premissgivande for utviklinga knytt til dei sosial og økonomisk berekraftsmåla.

I dette perspektivet er det difor viktig at kommunen arbeider målretta vidare for å sikre nødvendig omstilling. Statsforvaltaren vil rå kommunen til å integrere og forankre berekraftmåla betre i dei kommunale planane. Kommunen bør starte prosessar som vil operasjonalisere berekraftsmåla innanfor dei utvalde satsingsområda og andre viktige sektorar. Vi viser til erfaringar og døme frå kommunar som er i gang med slike prosessar, til dømes [Asker kommune](#).

Vi ser det som spesielt positivt at kommunen har hatt god og brei medverknad i prosessen med å utarbeide planforslaget.

Under har vi kommentarar og innspel knytt til viktige fagområde:

Folkehelse og utjamning av sosiale skilnader i helse

Sogndal har ikkje utarbeidd folkehelseoversikt etter folkehelselova. De vurderer at behovet for kunnskap blir dekket av folkehelseoversikta for Vestland og lett tilgjengeleg statistikk, og har difor ikkje utarbeidd noko kunnskapsdokument. Vi vil igjen minne om at de ikkje oppfyller krava i folkehelselova, og vi stiller spørsmål ved kor godt de kjenner folkehelseutfordringane i kommunen. Det er uheldig at de ikkje har ei oversikt over folkehelseutfordringane i arbeidet med kommuneplanen. *Vi anbefaler rettleiaren for eit systematisk folkehelsearbeid.*

Sentralt i folkehelselova er utjamning av sosial ulikskap i helse, og vi meiner at de gjennomgåande legg opp til tiltak som kan verke sosialt utjamnande, ved å legge til både breie og meir målretta strategiar til grunne for arbeidet. Desse blir igjen spegla i prinsipp for arealdelen og i føringane for økonomiplanen. De vil mellom anna legge til rette for at utsette barn og unge, og økonomisk vanskelegstilte familiar kan delta. De legg opp til gode folkehelserelevante aktivitetar for å nå resultatane de ønskjer å oppnå. Dette er positivt.



Barn og unge

Ifølgje pbl. §§ 1-1 femte ledd og 3-1 e skal omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår ivareta i planlegginga. Det følgjer også av rikspolitisk retningsline for barn og unge og rundskriv T-2/08 at kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i all si planbehandling.

Oppvekst er eit tydeleg satsingsområde i planen, og vi meiner at kommunen planlegg godt for gode oppvekstforhold og bu- og nærmiljø, gjennom resultatmåla og aktivitetane i satsingsområdet. Kommunen har mellom anna teke omsyn til at nokre born og unge kan ha særlege utfordringar, og har utarbeidd målsetjingar og strategiar for korleis slike utfordringar skal handterast. Gode tenester til born og unge blir ivareteke ved å byggje gode fagmiljø. Planen tek omsyn til at born og unge i ulike aldrar treng ulike tilbod både når det gjeld barnehage, skule og fritidsaktivitetar. Planen skisserer også kva strategiar som må nyttast for å oppnå måla, med gode oppvekst- og bumiljø, og å legge til rette for ein aktiv livsstil. I føringane for arealdel og økonomiplan er auka kapasitet i barnehage og grunnskule ut frå venta folketalsutvikling også teke med.

Det er positivt at de i vidare arbeid med utvikling av samfunnet, jobbar for at barn og unge, særleg utsette barn og unge, skal bidra.

Sosial bustadpolitikk og aldersvenlege samfunn

Ein sosial bustadpolitikk er sentralt i arbeidet med utjamning av sosial ulikskap i helse, og kommunen forankrar dette arbeidet i samfunnsdelen til kommuneplanen, i tillegg til prinsippa for arealdelen til kommuneplanen. Dette er i tråd med dei nasjonale forventningane. De vil legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar, også for eldre, leige til eige-modellar, og tilby sosiale bustader i blanda bumiljø. Det er også positivt at de vil utvikle tettstadene til aldersvenlege lokalsamfunn, i tråd med Leve heile livet-reforma, fjerne barrierar for fysisk aktivitet for utsette grupper, og involvere eldre som ein ressurs i lokalsamfunna.

Natur, miljø, klima og energi

Vi viser til [rapport frå FNs internasjonale naturpanel \(IPBES\)](#) publisert 06.05.2019, som skildrar tilstanden i naturen. Endra arealbruk er rangert som det største trugsmålet mot artsmangfaldet, direkte utnytting av organismar som den nest største, framfor klimaendringar, forureining og spreiding av framande organismar. Det vil såleis vere viktig at arealstrategiar og prinsipp for arealdelen vert utforma med sikte på å hindre nedbygging og arealendringar i t.d. strandsone, vassdragsområde, våtmarker, myr og andre viktige naturområde.

Sogndal kommune har fått tildelt midlar for å utarbeide ein naturmangfaldplan, og er no i gang med arbeidet. Det skal utarbeidast eit temakart som skal vise område som er viktige for biologisk mangfald, klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringar.

Utarbeiding av ein slik temaplan for naturmangfald vil kunne vere eit godt verktøy for kommunen, for å sikre at viktige areal for naturmangfald blir tekne omsyn til i arealforvaltninga, og at dette vert tett kopla til arealdelen. Det er særleg arealdelen som er avgjerande for om slike omsyn blir tekne, men også samfunnsdelen kan leggje viktige føringar for korleis kommunen ønskjer at viktige areal for naturmangfald skal vektleggjast opp mot andre samfunnsinteresser. Dette vil òg vere viktig for landskap, friluftsliv og klimaarbeidet. Vi viser til regjeringa sine [Nasjonale forventningar](#) til planlegging og til [Statlege planretningsliner](#) for klima, energi og klimatilpassing.



Statsforvaltaren konstaterer at berekraftmåla er med som grunnlagsdokument (vedlegg) til planen, og vi ser det som viktig at kommunen legg berekraftmåla som gjeld liv i vatn og på land (mål 14 og 15), til grunn for den overordna planlegginga gjennom samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Strategiar for berekraftig forvaltning av naturtypar og artar som er særleg sårbare eller viktige lokalt, regionalt eller nasjonalt, bør synleggjerast betre i samfunnsdelen og sikrast i arealdelen. Kommunen må ha ei landskapsøkologisk tilnærming i arbeidet med naturmangfald og tenke funksjon for dei artane og den naturen som er viktige å ta vare på. Korridorar og samanhengar mellom leveområde, buffersoner rundt viktige naturtypar og artsrike område er døme på dette, jf. måla for arbeidet til med temaplanen for naturmangfald.

Det er positivt og viktig at det er teke inn eit prinsipp om at det skal leggest til grunn eit godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald ved vurdering av endra arealbruk. Vi rår samtidig til at kommunen i arbeidet med samfunnsdelen i korte trekk gjer greie for korleis arealbruken påverkar natur i kommunen, og til å fastsetje konkrete mål og strategiar for korleis naturverdiane skal sikrast for framtida. Gode prinsipp for forvaltning av naturmiljø og biologisk mangfald bør i større grad inn i kapittelet om prinsipp for arealdelen. Økologisk berekraft og ivaretaking av naturmiljø og biologisk mangfald bør også gjerast meir synleg i andre delar av samfunnsdelen.

Vi rår til å ta inn i samfunnsdelen (prinsippdelen) eit punkt om at det i arbeidet med arealdelen skal lagast arealrekneskap som synleggjer behovet for nye byggjeføremål, slik at det ikkje vert lagt opp til ei overskotsplanlegging som vil kunne innebere større press på areal enn naudsynt.

Regjeringa legg vekt på ei gradvis omstilling til eit lågutsleppssamfunn, god tilpassing til klimaendringar og omstilling til grøne næringar. Det er også forventa at kommunane planlegg for effektiv arealbruk, miljøvenleg transportsystem, tilstrekkeleg bustadbygging, sunne og trygge omgjevnader og gode levekår for alle. Vi merkar oss som positivt at det er fleire punkt i samfunnsdelen som støttar opp om slike prinsipp.

Statsforvaltaren ønskjer også å trekkje fram at klima og naturmangfald i mange tilfelle heng tett saman, særleg når det gjeld naturbaserte løysingar for klimatilpassing men også for klimagassreduksjon. Vi saknar at dette vert spesifikt nemnt, og håpar kommunen vel å satse på naturbaserte løysingar for klimatilpassing og ivaretaking av karbonrike naturareal. Grøn infrastruktur er heilt naudsynt å ha med i kommunale planprosessar, og blir stadig meir aktuelt i møte med klimaendringane. Å sikre blågrøne strukturar, vassdragsnatur, myrområde, gammal skog og andre karbonrike areal er viktige i denne samanhengen.

Arealprinsippa bør bidra til å sikre naturmangfaldet, inklusive grøne og blågrøne strukturar, både av omsyn til klima og biologisk mangfald. Vi viser her til *Statlege planretningsliner (SPR) for klima og energiplanlegging og klimatilpassing*.

Vi legg til grunn at dei opplista arealprinsippa i hovudsak er meinte for og tilpassa sentrumsområda. I motsett fall meiner vi at prinsippa som gjeld bygging av turvegar i naturen og langs fjorden vil kunne kome i konflikt med nasjonale føringar for arealforvaltning og -planlegging. Vi rår til å presisere at prinsippa som seier at det skal etablerast vegar for ferdsel langs sjøen og i naturen, skal avgrensast til sentrumsområde og nærfriluftsområde, og at det skal takast omsyn til m.a. natur- og landskapskvalitetar og tiltaksforbodet i strandsona (plan- og bygningslova § 1-8). Vi er samde i at det er viktig å legge til rette for friluftsliv, tilkomst og ferdsel ved fjorden og i nærfriluftsområde til tettstadene. I strandsona bør likevel opparbeiding av vegar nær sjøen berre vere aktuelt i område som frå før er meir eller mindre nedbygd og privatisert. Andre stader bør friluftslivet i hovudsak skje på naturen sine premissar med enkel, naturvennleg tilrettelegging. Slik prinsippa er utforma no, kan



dei oppfattast som generelle mål om å etablere vegar i naturen og langs fjorden også utanfor tettstadene. Vi legg til grunn at dette ikkje er intensjonen.

Vi ser det elles som viktig at utbygging i strandsona i hovudsak berre skjer etter konkrete vurderingar og avklaringar i arealdelen, med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Arealprinsipp for strandsona må eventuelt utformast slik at dei sikrar ei god og juridisk korrekt forvaltning av strandsona, i tråd med nasjonale føringar i lov og retningsliner. Vi viser til *Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (SPR for strandsona)*.

Samfunnstryggleik og beredskap

Statsforvaltaren ønskjer generelt større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane sine planprosessar for å førebyggje mot uønskte hendingar. Samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktigaste og mest sentrale dokumentet å forankre utfordringane til kommunen, strategiske val og prioriteringar knytt til samfunnstryggleik og beredskap.

Sjølv om Sogndal kommune tilsynelatande har høge ambisjonar, også med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap, så tykkjer vi likevel Statsforvaltaren at samfunnsplanen kunne vore tydelegare. Samfunnstryggleik omfattar dessutan meir enn berre arealforvaltning og gjeld heile kommunen, ikkje berre tettstader, jf. punkt 5 på side 14 i planforslaget. Vi saknar også omtale av dei langsiktige utfordringane knytt til samfunnstryggleik og beredskap. Vidare bør strategiske val og prioriteringar vere meir enn berre å syte for forankring av heilskapleg ROS-analyse og mål om at kommunen skal vere samarbeidspart og pådrivar for tetting av kunnskapshol og målretta tiltak. Kva utfordringar, mål, strategiar og prioriteringar er t.d. knytt til ulike sektorar i kommunen?

Vi meiner kommunen som eit minimum bør følgje opp dei forventningane som går fram av [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#). Der står det m.a.:

«I kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen kartlegge langsiktige utfordringer tilknyttet samfunnssikkerhet, og fastlegge mål og strategier for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet jf. § 11-2. Eksempel kan være plan for vannhåndtering. Fastsettelsen av mål og strategier skal baseres på funn fra helhetlig ROS-analyse og plan for oppfølging. Arealstrategien i den kommunale planstrategien vil også være en viktig premisse for oppfølging av temaet samfunnssikkerhet i samfunnsdelen. Kommuneplanens samfunnsdel og en eventuell kommunedelplan for samfunnssikkerhet skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende årene eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig. Det er viktig at tiltak som omhandler samfunnssikkerhetsmessige utfordringer forankres i kommuneplanens handlingsdel, siden denne prioriterer, planlegger og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer. Arbeidet med økonomiplanen kan samordnes med kommuneplanens handlingsdel, forutsatt at kravene i både plan- og bygningsloven og kommuneloven etterleves. Dersom arbeidet med samfunnssikkerhet utløser utgifter, må dette innarbeides i økonomiplanen slik at det gis et reelt handlingsrom til å foreta arbeidet. Økonomiplanen skal blant annet gi en realistisk oversikt over prioriterte oppgaver i planperioden.»

Eit sentralt element i samfunnstryggleiksarbeidet er å ta stilling til kva risiko og sårbarheit ein er viljug til å akseptere innan ulike område og på ulike nivå. Vi viser til følgjande utdrag frå H-5/18:

«For noen tema er det fastsatt en akseptabel risiko i lov eller forskrift. Dette gjelder for eksempel flom, stormflo, skred og flodbølge som skyldes skred, der sikkerhetsnivå er fastsatt i byggt teknisk forskrift. For andre risikomomenter vil grensen mellom akseptabel og uakseptabel risiko måtte fastsettes i planen, for eksempel som hensynssoner med bestemmelser. Kommunen som planmyndighet må i så fall aktivt ta stilling til hvilken risiko planen aksepterer. Beslutningstakerne må vurdere hvilken risiko som kan aksepteres på bakgrunn av fagkyndige vurderinger. Fagkyndige vurderinger kan ikke alene gi rammene



for akseptabel risiko. Aksept av risiko i planen er resultat av lokal skjønnsmyndighet, og av ikke lov eller forskrift.»

Vi viser i den sammenheng òg til [Meld. St. 5 \(2020-2021\) Samfunnssikkerhet i en usikker verden](#) der det m.a. står:

«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko.»

Samfunnsdelen er, slik Statsforvaltaren ser det, ikkje eit tilstrekkeleg overordna styringsdokument for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, noko som vil gjere det vanskeleg å få til eit systematisk og heilskapleg arbeid på området. For at samfunnsdelen skal bli eit føremåls-tenleg styringsverktøy bør den verte vesentleg meir konkret. Vi rår difor kommunen til å arbeide vidare med samfunnsdelen før endeleg godkjenning.

Landbruk

Omtale av landbruket generelt og kommunen si haldning til jordvern og langsiktig forvaltning av arealressursane, bør vere eit viktig tema i samfunnsdelen til kommuneplanen. Vi minner om at eitt av FN sine bærekraftsmål går mellom anna ut på å utrydde svolt og oppnå mattryggleik, noko som krev at vi reduserer tapet av jordbruksareal og produserer mat på den jorda vi har. Jordvern er såleis ein viktig del av arbeidet med berekraftsmåla. Vi merkar vi oss som positivt målsetjinga i kap. 7 under prinsipp for arealdelen, om å unngå bygging på landbruksareal og å unngå driftsulemper i samband med utbygging og tiltak. Vi saknar likevel ein klarare strategi for å oppnå desse målsetjingane. Slik vi oppmoda om i samband med oppstart av planarbeidet, rår vil til at det i samfunnsdelen vert lagt føringar om å registrere dei viktigaste kjerneområda for matproduksjon og kulturlandskap. Ei slik kartlegging gjev eit godt grunnlag for å prioritere område for matproduksjon og kulturlandskap, og vil også vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget når kommunen på eit seinare tidspunkt skal vurdere nye utbyggingsområde i arealdelen til kommuneplanen.

Samfunnsdelen kan også gje grunnlag for drøfting av næringsutvikling knytt til landbruket. Det er ei nasjonal målsetjing å leggje til rette for auka verdiskaping i landbruket, mellom anna gjennom satsing på lokal matproduksjon, skogbruk og reiseliv. Her meiner vi at planframlegget (i kapittel 4) på ein god måte syner moglegheiter knytt til auka produksjon og lokal foredling.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Fråsegn frå Syril Telemark

i samband med samfunnsdelen i kommuneplanen 2021 -2030

Den 17. april 2021 arrangerte Syril telemark Sognefjordrennet sitt 15års jubileum. Løpet gjekk med start frå Stavaeggi til målområdet ved stølen Stavsete, innst i Grindsdalen. Rennet var terminfesta som NM i fjelltelemark, men p.g.a. covid19 blei det berre lokal deltaking. Publikum og løparar fekk ei uforgløyemeleg oppleving og tilbakemeldingane var unisont særst positive. For ein arena, for eit renn !

I 2019 hadde Sognefjordrennet NM-status med start på Kjeringafjellet. I den forbindelse hadde me guida tur til Troeggi dagen etter. Og Norges skiforbund sine representantar m.fl. var imponert over området og moglegheitene her. Neste sesong ligg alt tilrette for eit norgesmeisterskap fjelltelemark her. Det vil evt. bli kombinert med fjellrenn og fjellcross for alle. Her snakkar me om breidde- og toppidrett i " skjønne foreining ".

For Syril telemark er moglegheitene som opnar seg med kort tilgang frå ca. 600 m.o.h. til Stavsete og den unike fjellarenaen rundt, heilt eineståande. Dette veldig snø- og skredsikre området med toppar og åsar i alle himmelretningar, opnar for snø- og skiaktivitet i alle variasjonar.

Syri telemark sin aktivitet har alltid teke utgangspunkt i fjellet. Frå fine turar basert på kunnskap om skred og å ta trygge turval, til nedkøyringar med «fart og moro». Område her er det eit læringsterreng og mangfald av turopplevingar av det heilt sjeldne. Her kan ein finne nye ruter heile sesongen og med trygge nedkøyringar få inspirasjon og motivasjon. Det gjeld for alle aldrar og nivå og rekruttere breidt til skilmiljøet. Og som konkurranse-form har fjelltelemark alltid stått sterkast i Sogn.

Dei seinare åra har usikre vintrar på Kleppa klart styrka behovet for ein skiarena med start på rundt 600 m.o.h..

Dette viser ulik forsking og vil gjelda i heile Sør-Norge dette århundre. Slik sett har kraftutbygginga gitt ei god opning for å kome lett til flotte fjellområde også vinterstid. Difor meiner vi at kommunen ilag med grunneigarar og evt. andre medspelarar finne ei ordning for vegen i Grindsdalen i framtida blir ein open vinterveg.

Med den fjell- og fjordpanoramaen her, kombinert med variasjon i tur- og nedkøyringar, vil arrangement o.a. aktivitet styrke Sogndal som skidestinasjon. Det sparast ikkje på superlativa i tilbakemeldingane frå tilreisande og lokale entusiastar.

Med brøyting her vil lokalbefolkninga få kortreist skiglede av bestesort, og tilreisande ein uforgløyemeleg skioppleving. Og Syril telemark det beste grunnlaget for breidde i rekruttering og aktivitet.

Vi legg også ved filmen som vart laga i samband med Sognefjordrennet 2021, som viser skiglede, friluftsliv, fellesskap og konkurranse i det flott fjellområde i ytre delane av Leikangerfjella.

<https://youtu.be/OAD6USx0TdE>

Med helsing

Egil Johannes Vangsnes

Syril Telemark

Leikanger 7. mai 2021

I samband med vår fråsegn legg eg ved fleire innspel frå både organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og næringsaktørar/verksemder i Sogndal kommune

- 1. Sogndal Turlag**
- 2. Sigurd Felde – Fjellfører/Tindevegleiar**
- 3. Sogndal folkehøgskule**
- 4. Bre og Fjell as v/ Gjert Grødal**
- 5. Carlo Aall**
- 6. Leikanger Fjord Hotel**
- 7. Høgskulen på Vestlandet**

Sogndal Turlag meiner at det i samband med samfunns- og arealplanlegginga bør lagast ei samla oversikt over kva natur- og friluftsområde kommunen ønskjer å leggje til rette for tilkomst og utfart. Diskusjonane som har gått om vinteropen veg til Goro på Kaupanger og om anleggsvegen i Grindsdalen/Huksdalen er døme som viser at dette bør inngå som ein viktig del av kommunen sin strategi for nærings- og samfunnsutvikling.

Sogndal er ein kommune som har gjort seg landskjend på friluftsliv i storslått natur, frå Balestrand til Sogndalsdalen og Kaupanger, noko som har bidrege til mykje tilflytting til og næringsutvikling i kommunen. Kommunen er kjend som ein framifrå stad for fjellturar på ski og til fots, for padling og sykling, og i tillegg at det er kort veg for å kome ut i naturen: nærfriluftslivet. Sogndal Turlag ønskjer å medverke til denne positive utviklinga.

Å vere ute i naturen og halde på med friluftsliv er også viktig for folkehelsa. Tilkomst, parkering og kor turen startar er avgjerande å ha på plass for å lukkast med å få folk ut. Som ei oppfølging av den heilskaplege planen bør kommunen gå i dialog med grunneigarar slik at ein løyser tilkomst, parkering og tilrettelegging i Grindsdalen og andre stader som i samfunnsplanen vert peika ut som viktige for friluftslivet.

Det er mange gode løysingar i Sogndal kommune: Vi er så heldige at vi har gode tilrettelagde utfartsområde både i Hodlekve, på Kleppa, i Saurdalen og ved flyplassen. Tilkomsten på bompengvegane til Åsen og Anestølen er gode løysingar. Parkeringsplassen under Togga og parkering på Fretland og i Frudalen kan og nemnast. Initiativ frå kommunen for å få til samarbeidsløysingar med grunneigarar, vegstyresmakter (og i Grindsdalen Sognekraft) bør vere ei høgt profilert sak for ein framtidsretta Sogndal kommune.

Sogndal Turlag vil gjerne bidra med sin kunnskap om friluftsliv og natur i det vidare arbeidet med å få til ei oversikt over kva natur- og friluftsområde kommunen bør leggje til rette for tilkomst og utfart.

*Styret i Sogndal Turlag
v/Ove Ellingsen (leiar)*

Til den det måtte gjelde:

Grindsdalen i i Leikanger er eit heilt unikt område for å bedrive toppturaktivitet på ski gjennom vintermånadane.

Denne dalen, med omliggande fjell, fullbyrdar Sogn som ein eigenarta og unik skidestinasjon for ein aktivitet som er i eksplosiv vekst, alpin skibestigning.

Det unike med fjella her er at ein alltid vil kunne finne snø av høg kvalitet, grunna utforminga på fjellsidene, samt at fjella er av moderat brattheit, noko som gjev ein større andel «trygge» fjellsider i form av at dei er for slake til at det kan gå skred. Dette gjev oss som lever av å ta med oss folk til fjells ein unik arena å spele på gjennom vinteren. Samstundes er utsikten frå fjella i verdsklasse, noko mine gjester har uttalt ved fleire høver.

Eg har ein rekke gongar gjennom vinteren brukt område til skiføring, og ser med stor verdi på å holde den open for fri ferdsel gjennom vintermånadane.

Dette vil gje ringverknader, ikkje berre for meg, men for både HVL som også brukar Grindsdalen mykje som utgangspunkt, til andre førarvirksomheiter og vanleg besøkande som kjem til Sogn for å utøve vinterfriluftsliv.

Mvh

Fjellfører/tindevegleder

Sigurd Felde

27.04.2021

Uttalelse om brøyting av vei inn Grindsdalen:

Sogndal folkehøgskule har denne vinteren fått muligheten til å bruke skimulighetene i Grindsdalen med våre elever. Vi har deltatt på Sognefjordrennet og brukt det i undervisningssammenheng. Dette område er det tryggeste og beste området for skiundervisning som vi har i Sogndal kommune. Sogndalsdalen er ofte en utfordring å bruke på vinteren på grunn av skredfare. Området i Grindsdalen er mindre bratt, mindre utsatt og et tryggere område for oss å ha undervisning.

Området gir også en unik skiopplevelse med tanke på utsikten. Det å komme så nær fjorden og se ned i Fjærlandsfjorden med Menes eller utover mot Balestrand og Vik er helt unik i Norgessammenheng.

Når Sogndal markedsfører seg som en skibygd vil det å vinter brøyte veien til Grindsdalen være verdt vær krone i forhold til tilreisende, fastboende og ikke minst oss som skole.

Med håp om vinterbrøytet vei.

Mvh

Ole Karsten Birkeland

Rektor Sogndal folkehøgskule

Gjert Grødal
Tindevegledar
Breogfjell AS
97113415



Dei siste 2 åra har eg/ vi i Breogfjell AS brukt Grindsdalen mykje både til føring og kurs. Alle gjestene våre er svært nøgde med området og vi vil svært gjerne bruke området meir. Vi vil også kunne bidra med å betale noko avgift for å vere med i eit spleiselag for brøyting.

Eg jobbar også opp mot HVL i Sogndal med vegledning i Alpin skiferdse frå jan - mai. I, også i denne samanheng har eg nytta Grindsadalen. Studentane likar svært godt området.

Carlo Aall

Klimaendringar vil høgst truleg redusere skisesongen også i Sogndal dei næraste åra. Generelt vil nærleik til isbre og høgd over havet bli viktigare med tanke på gode snøforhold, og dei to store skianlegga i kommunen må truleg investere (meir) i anlegg for kunstsnøproduksjon for å kunne tilby gode skiforhold.

Det å ha lett tilgang til skiområde høgt til fjells og nær isbre vil difor bli viktigare framover. Fjellområdet rundt Stavsete er truleg eit område som er særleg robust for framtidige klimaendringar, og området vil ha kvalitetar som både nærområde for Leikanger og regionalt viktig område for resten av Sogndal og tilgrensande område.



•• U N I K E ••

LEIKANGER FJORDHOTEL

SOGNEFJORDEN

Leikanger har alltid vært en unik perle for oss som driver næringsutvikling og samfunnsutvikling i en reiselivssammenheng. De siste årene har Grindsdalen vært en mer og mer populær destinasjon for skiturisme, og en viktig frilutsarena for lokalbefolkningen og andre i næringslivet i Sogndal. I år har det eksplodert med skiturisme i dette unike fjellområde. Aldri før har så mange brukt dette fjellområde som skiturdestinasjon.

Målsetning til Leikanger Fjord hotel er å forsterke og videreutvikle Leikanger til en attraktiv reiselivsdestinasjon. Ved å brøyte Grindsdalen kan det øke en potensiell vinterturisme i Leikanger. Hotellet satser på å drive helårsdrift og dette er positivt for turisme og lokalbefolkning at vi holder veien åpen.

Leikanger 7. mai 2021

Vennlig helsing
Emilie Anne Pellegrino
Hotellsjef

Uttalelse fra HVL (Institutt for idrett, kosthald og naturfag) angående brøyting av Grindsdalen

Etter kraftutbygging i Grindsdalen starta har HVL og institutt for Idrett, kosthald og naturfag benytta seg av dette fjellområde haust og vår. Grindsdalen i Leikanger er et unikt område for friluftsliv. Høgskulen har benyttet område for å vise mangfold i natur og for å vise Vestlandets unike natur fra høye fjell med flotte fjorder til brelandskap. I dette området kan man få mulighet til å formidle plantevekst fra fjord til bre på en sær god måte i høsthalvåret. Vinter og vår har området vært benyttet for toppturaktivitet. Dette området gir en unik mulighet for å vise studenter kvaliteter som Vestlandet sitt mangfold av natur gir. Grindsdalen, med omliggende fjell, spektakulære ryggformasjoner fullbyrder Sogn som en spesiell og unik skidestinasjon. Studenter blir mållause av utsikten og mulighetene området gir. Et eksempel fra denne våren, koronavennlig eksamensoppsummering, av fordypningsemnet alpin skiferdsel 26.04.2021.



Fjellene rundt Grindsdalen gir mulighet for turer tett på skredterreng, men man kan også unngå skredterreng. Dette er en sær god egenskap for et fjellområde tilknyttet pedagogisk formidling av trygg ferdsel på ski. Snøen er ofte av høy kvalitet og man har mange mulighet for turer i alle himmelretninger. Utsikten fra fjellene som omkranser Grindsdalen er i verdensklasse og av den grunn bør videre ferdsel på denne veien opprettholdes.

Grindsdalen er faktisk et av de få områdene som gir mulighet for mange besøkende, med gode parkeringsmuligheter. Når først utbygginga har skjedd, bør absolutt denne veien som gir tilgang på unik natur benyttes. Mulighetene for pedagogisk virksomhet er svært attraktiv og fortsatt ferdsel på denne veien vil gi mange ringvirkninger for blant annet guidevirksomhet, formidling av friluftsliv til alle årstider, samt turister som får oppleve område, og vil videreformidle sine opplevelser på en svært god måte i markedsføring Sogndal kommune.

06.05.21

Høyringsuttale til samfunnsplanen frå ungdomsavdelinga i Sogndal Kommune.

Best på oppvekst:

Ungdomsavdelinga likar målet med «best på oppvekst». Det gir oss motivasjon til å heile tida jobbe for å bli betre på vårt området. Det motiverer til å tenkje nytt, utvikle oss og tilboda til vår målgruppe. Samt ynskjer me å presisere kor viktig det er for vår avdeling å bli styrka ressursmessigt for å vera med å utvikle og jobbe for dette målet. Sogndal Kommune er ein av få kommunar som har ei eiga ungdomsavdeling som jobbar spesifikt med aldersgruppa 12-19år. Me er ikkje ei stor avdeling med våre 210% av samla stillingar, men dog ei avdeling. Underteikna sit som avdelingsleiar i ein 70%stilling, ei i 80% og ein i 60%. Ut av denne ressursen skal me dekke alt MOTarbeidet i kommunen, fritidsaktivitetar, samarbeid med VGS, Losoppgåver, ferieaktivitetar, ungdomsklubber, møteplassar, ungdomsråd, koordinere SLT arbeidet i kommunen og utvikle nye aktivitetar for ungdom. Me opplev at me har nådd eit tak på kor mykje me kan tilby. Me rekk sjeldan å utvikle, forbetre tilboda våre. Om det er plan for å skaffe møteplassar for ungdom i alle bygdene som me skal vere med å drifte- er me avhengig av meir ressursar.

MOT:

Ungdomsavdelinga er glad for at kommunen ynskjer å satse på oppvekst. Det er godt å lese at MOTverdiane står tydeleg i planen. Og me vonar at dette kjem meir detaljert fram i handlingsplanar for oppvekst. Skal me få til det som bli nemnt med fine ord her er det viktig at det blir gjort ei vurdering og satsing på ressursar for å drive MOTarbeidet. I samanslåingsprosessen måtte våre MOTskular ta ut sine miljøarbeidere frå MOTarbeidet som eit sparetiltak. Me vonar at kommunen ynskjer å revurdere dei tiltaka slik at me kan få fleire lokale MOTressursar tilbake på skulane. Per no er det berre Leikanger Ungdomsskule som køyrer MOT-øktene sjølve, og dei har ikkje komme i mål med dei øktene som ligg til årshjulet. Skal ein kunne sikre kvalitet og utvikling av MOTarbeidet krev det meir ressursar både i skule og hos ungdomsavdelinga. Det er og viktig å sjå heilheit i MOTarbeidet. Det er viktig å tenkje breiare enn skule, ein må jobbe aktivt ut mot fritidsaktivitetar og andre lag og organisasjonar som har tilbod for barn og unge. MOT må forankrast breiare og djupare i heile kommunen òg ut mot frivilligheita.

Møteplassar for ungdom:

Det er kjekt å sjå at attraktive lokalsamfunn og bygder kjem tydeleg fram i planen. Me som jobbar med ungdomsgruppa erfarer at ungdom kjedar seg, og opplev at det ikkje er plass til dei i bygdesentruma våre. I Ungdata undersøkinga, som blei gjort i år, viser den at nærare 45% av dei som svarte syns det manglar ein møteplass eller syns møteplassane er for dårlege. Dette gjeld ikkje fysiske og organiserte aktivitetar. Ungdommane opplever å at dei ikkje sett. Me i avdelinga syns òg det er vanskeleg å drive ungdomsarbeid når ein ikkje har gode lokaler å «lokke»/ invitere ungdomsgrupper inn i. Me ser at ungdommar med landebytte ikkje blir integrert i dei aktive møteplassane som er. Og me skulle gjerne hatt ein plass der me kunne invitere dei inn og jobbe oppsøkande mot desse sårbare gruppene. Me syns og at det bør komme betre fram i planen kva slags møteplassar som er tiltenkt.

Me ser ei aukande behov for kunstnerisk og kreativ kultur, samt e-sport og digital kunst. Ungdommar med desse interessene opplev meir einsemd, og er meir usikre på seg sjølv. Me trur at ei satsing på møteplassar for denne gruppa kunne ha gjort store løft i den psykisk helse hos vår målgruppe.

Ein anna ting som ikkje blir nemnd i denne planen er og kven som skal drifte og drive møteplassane. Er dette tiltenkt frivillige lag og organisasjonar eller kommunale einingar. Ungdomsavdelinga ynskjer sterkt at dette blir lagt kommunalt, samt at det blir investert i meir ressursar til ungdomsarbeid både under kultur og vår avdeling. Dette for å sikre kontinuitet, kvalitet og trygge tilbod til ungdomsgruppa.



Innspel til samfunnsplan for Sogndal kommune

Kommentarar til samfunnsplanen satsingsområdet *Best på oppvekst*

Utkast til samfunnsplan for Sogndal kommune er samla sett ein svært god plan. Ikkje minst i kapittelet *Best på oppvekst* har ein sett søkeljos på fleire gode utviklingstrekk. Utdanningsforbundet Sogndal vil likevel understrekast nokre poeng og koma med desse endringsframlegga.

2. Best mogleg føresetnader for utsette barn og unge

Minoritetspråklege er ei sær sårbar gruppe i skulen i dag. Å lukkast med integreringa er ikkje minst viktig for å gje desse elevane ein god start.

Framlegg til nytt punkt 2 g. *Sørge for å gje minoritetsspråklege ei god integrering*

3. Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling

Punkt 3 a. Byggje gode fagmiljø mellom tilsette, leiarar og eksterne er eit godt punkt.

Utdanningsforbundet ynskjer samarbeid og fagleg utvikling velkomen. Samtidig veit me at eigarskap til utvikling er eit naudsynt fundament for at ein skal lukkast. Det vil difor vere ein føresetnad at barnehage- og skuleutvikling skjer med utgangspunkt i profesjonen sine behov, og med profesjonen som deltakar i planlegging og gjennomføring av utvikling.

Framlegg til ny formulering: *Byggje utviklande fagmiljø i dialog med tilsette og leiarar.*

Punkt 3 e. Bruke kvalitetar i nærområda og lokale ressurspersonar for leik og praktisk læring

Utdanningsforbundet er positive til å nytte seg av nærområde og lokale ressurspersonar. Me vil likevel poengtera at til pedagogiske oppgåver skal ein nytte pedagogisk personalet. Bruk av lokale ressurspersonar må ikkje erstatte pedagogisk personale.

Punkt 3 f. – h. Bruke nærområdet til å byggje engasjement for klima, miljø og ressursbruk, Bruke fysisk aktivitet i pedagogikken og Bruke teknologi og digitale hjelpemiddel i pedagogikk og drift

Utdanningsforbundet er positive til å bruke nærområde til fysisk aktivitet i pedagogikken. Me meiner og at ein skule for framtida må ta i bruk teknologi og digitale hjelpemiddel. Barnehage og skule har sentrale planar for innhaldet i aktivitetane og undervisninga. Likevel er det lærarar i barnehage og skule som har metodefridom til å gjennomføre måla som er sette. Utdanningsforbundet meiner det er viktig å lytte til profesjonen, både når det gjeld bruk av nærområde og teknologi, og når det gjeld gjennomføring av opplæring.



Kommunen bør ha eit mål om å legge til rette for fysisk aktivitet i skulen og bruk av teknologi og digitale hjelpemiddel i pedagogikk. Ei slik tilrettelegging må skje i dialog med profesjonen.

Framlegg til nytt punkt 3 f.: *Skape nærområde som kan byggje engasjement for klima, miljø og ressursbruk*

Framlegg til nytt punkt 3 g.: *Skape nærområde som legg til rett for fysisk aktivitet i pedagogikken»*

Framlegg til nytt punkt 3 h.: *Legge til rette for bruk av teknologi og digitale hjelpemiddel i pedagogikk*

Punkt 3 i. Samarbeide med dei vidaregåande skulane og HVL for å vidareutvikle utdanningsløpet

Utdanningsforbundet er svært positive til at Sogndal kommune tek rolla som vertskommune for dei vidaregåande skulane og høgskulen på alvor. Skulane er viktige tilbod til lokal ungdom og for å få tilflytting til kommunen. Samanhengen mellom gode studietilbod på vidaregåande og høgskulen og arbeidsliv i kommunen er stor. I det siste er det debatten om studietilbod på Sogndal vidaregåande som klarast viser at kutta på fylket får store konsekvensar for elevar, lokalsamfunn og næringsliv. Skulane er i tillegg viktige arbeidsplassar i kommunen. Utdanningsforbundet vil oppmode kommunen til å vere ein **aktiv** vertskommune for dei vidaregåande skulane og høgskulen, ved å delta i å sikre arbeidsplassar og undervisningstilbod, slik at skulane kan utvikle seg og halde fram med å vere verdifulle institusjonar i samfunnet.

Punkt 3 k. Auka pedagogtetheit i barnehagane

Pandemien det siste året har vist kor viktig det er å ha nok bemanning i heile opningstida til barnehagen for å kunna gje eit best og tryggast mogeleg tilbod som borna kan utvikla seg i. All forskning peikar på auka bemanning som ein nøkkelfaktor for å lukkast. Barnehagen skal fyrst og fremst vera ei pedagogisk verksemd, difor ynskjer Utdanningsforbundet å koma med eit framlegg til nytt punkt.

Framlegg til nytt punkt 3 k: *Auka pedagogtetheit i barnehagen*

For Utdanningsforbundet Sogndal

Steinar Øydvin

-leiar-

Høringsuttalelse (KF-239-FK)



Referansenummer: T8MMV2

Registrert dato:06.05.2021 14:55:01

Innledning	
Innsender	
Fødselsnummer [REDACTED]	
Fornavn Jenny Kristin	
Etternavn Menes	
Adresse Menes 2 B	
Postnummer 6899	Poststed BALESTRAND
Telefon 41469329	
Epost jenny.smenes@gmail.com	
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> På vegne av foretak/lag/forening	
Opplysninger om foretak/lag/forening	
Organisasjonsnummer 993628859	
Foretak/lag/forening VETLEFJORDEN IDRETTLAG	
Adresse Meland 9	
Postnummer 6899	
Poststed BALESTRAND	
Telefon	
E-post kontakt jenny.smenes@gmail.com	

Uttalelse
Navn på høringssaken <input checked="" type="radio"/> Høring - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030
Har du/dere fått tilsendt høringssaken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Ja
Dato på kommunens høringsbrev

Uttalelse

- Jeg ønsker å helt eller delvis uttale meg i tekstfelt under
- Jeg har min fulle uttalelse i egne dokumenter som jeg ønsker å laste opp som vedlegg

Uttalelse til saken

Innspill til samfunnsplanen fra Vetlefjorden idrettslag

Vetlefjorden idrettslag er et lite lag med god oppslutning i forhold til innbyggertall, de 121 medlemmene tilsvarer flere enn de som bor i Fjordane. Vi forsøker å bidra til lokalsamfunnet ved å holde lysløype i Trolløyane åpen om vinteren, holde Vetlefjorden grendahus i stand og bidra til fysisk aktivitet og folkehelseiltak lokalt.

Vetlefjorden idrettslag ser det som positivt at det er et uttalt ønske om å levere likeverdige tjenester og at kommunen vil jobbe for at alle lokalsamfunnene gir rammer for god livskvalitet. Vi ser det som positivt at kommunen ønsker å se skoler og barnehager som en del av lokalsamfunnet, noe som er veldig viktig for bygda vår.

Vi er glade for at kommunen ønsker å satse på bygdehusene og lokale turstier. Vi savner likevel konkrete forslag til hvordan kommunen vil utvikle de minste og mest sårbare bygdesamfunnene utover å nevne turisme og tilgjengelige boliger. Tettstedene er nevnt som et eget hovedpunkt i planen, og selvfølgelig er det viktig med gode løsninger for tettstedene, men vi mener at tettstedene lettere enn de spredtbebygde områdene vil kunne tiltrekke seg innbyggere generelt og ressurspersoner spesielt. Vi savner et eget punkt i samfunnsplanen for hvordan man skal beholde innbyggere på de minste stedene og også få tilflyttere. Dette er krevende arbeid som krever en bevisst strategi. Vi støtter punktet om at bolighus ikke bør omreguleres til fritidsboliger, men mener kommunen må ha en offensiv holdning til utvikling av sine perifere områder, både i Vetlefjorden og andre mindre steder. Trygghet for arbeidsplasser, skoler og barnehager er helt vesentlig, og tilgjengelige boligtomter er nødvendig. De minste bygdene har god mulighet til å ta imot og inkludere innflyttere, og dette potensialet kan gjerne trekkes fram i samfunnsplanen. For å vedlikeholde turstier, som er nevnt som et viktig punkt i planen, trenger en mennesker som er stolte og kjent i sitt nærområde, og den beste garantien for dette er at det bor folk på hver enkelt av gårdene og småstedene rundt i kommunen.

Nye Sogndal kommune
Postboks 153

6851 Sogndal

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
10.05.2021	Wenche Hauglum	21/544 - 4	

MELDING OM VEDTAK

Merknad til samfunnsdelen til kommuneplan for Sogndal kommune 2021-2030

Formannskapet - 052/21:

Det er gjort fylgjande vedtak i saka:

Vik kommune har to merknader til samfunnsdelen til kommuneplanen for Sogndal kommune 2021-2030:

Største delen av vidaregåande-elevane frå Vik kommune bur på hybel eller internat i Sogndal kommune. Det er positivt at Sogndal har fokus på gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv under satsingsområde «best på oppvekst» gjennom handlingspunkta:

- A. Vere pådrivar for god marknadsføring av det lokale vidaregåande- og studietilbodet og butilhøva i Sogndal
- B. Vere pådrivar for gode leigebustader for elevar og studentar
- C. Gje tilreisande elevar og studentar god informasjon om kommunen og tenestene våre
- D. Vere pådrivar for at skule- og studietilbodet i kommunen og arbeidsplassane i Sogn dreg vekslar på kvarandre
- E. Vere pådrivar for fleire læreplassar i Sogn i samarbeid med Sogn Næring

For satsingsområde «utviklingslokomotiv i Sogn», punkt «3. Samferdsle- og kommunikasjonsprosjekt i regionen vert prioriterte og realiserte», er det viktig å også ha fokus på aksene Sogn-Bergen. Ein prioritering av aksene Sogn-Bergen med utbetring Leikanger – Hella, hyppig ferjefrekvens og tunnel under Vikafjellet, er viktig for Sogne-regionen. Dette vil også knyta dei to administrasjonssentra for Vestland fylke tettare saman.

Samrøystes.



Med helsing

Øistein Edmund Søvik
Rådmann

Wenche Hauglum
Politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/21	Formannskapet	06.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Turid Kristine Brekke	K2-L12	21/544

Merknad til samfunnsdelen til kommuneplan for Sogndal kommune 2021-2030

Rådmannen si tilråding

Vik kommune har to merknader til samfunnsdelen til kommuneplanen for Sogndal kommune 2021-2030:

Største delen av vidaregåande-elevane frå Vik kommune bur på hybel eller internat i Sogndal kommune. Det er positivt at Sogndal har fokus på gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv under satsingsområde «best på oppvekst» gjennom handlingspunkta:

- A. Vere pådrivar for god marknadsføring av det lokale vidaregåande- og studietilbodet og butilhøva i Sogndal
- B. Vere pådrivar for gode leigebustader for elevar og studentar
- C. Gje tilreisande elevar og studentar god informasjon om kommunen og tenestene våre
- D. Vere pådrivar for at skule- og studietilbodet i kommunen og arbeidsplassane i Sogn dreg vekslar på kvarandre
- E. Vere pådrivar for fleire læreplassar i Sogn i samarbeid med Sogn Næring

For satsingsområde «utviklingslokomotiv i Sogn», punkt «3. Samferdsle- og kommunikasjonsprosjekt i regionen vert prioriterte og realiserte», er det viktig å også ha fokus på aksene Sogn-Bergen. Ein prioritering av aksene Sogn-Bergen med utbetring Leikanger – Hella, hyppig ferjefrekvens og tunnel under Vikafjellet, er viktig for Sogne-regionen. Dette vil også knyta dei to administrasjonssentra for Vestland fylke tettare saman.

Formannskapet - 052/21

FS - vedtak:

Vik kommune har to merknader til samfunnsdelen til kommuneplanen for Sogndal



kommune 2021-2030:

Største delen av vidaregåande-elevane frå Vik kommune bur på hybel eller internat i Sogndal kommune. Det er positivt at Sogndal har fokus på gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv under satsingsområde «best på oppvekst» gjennom handlingspunkta:

- A. Vere pådrivar for god marknadsføring av det lokale vidaregåande- og studietilbodet og butilhøva i Sogndal
- B. Vere pådrivar for gode leigebustader for elevar og studentar
- C. Gje tilreisande elevar og studentar god informasjon om kommunen og tenestene våre
- D. Vere pådrivar for at skule- og studietilbodet i kommunen og arbeidsplassane i Sogn dreg vekslar på kvarandre
- E. Vere pådrivar for fleire læreplassar i Sogn i samarbeid med Sogn Næring

For satsingsområde «utviklingslokomotiv i Sogn», punkt «3. Samferdsle- og kommunikasjonsprosjekt i regionen vert prioriterte og realiserte», er det viktig å også ha fokus på aksene Sogn-Bergen. Ein prioritering av aksene Sogn-Bergen med utbetring Leikanger – Hella, hyppig ferjefrekvens og tunnel under Vikafjellet, er viktig for Sogne-regionen. Dette vil også knyta dei to administrasjonssentra for Vestland fylke tettare saman.

Samrøystes.

Vedlegg		
Dokument dato	Tittel	DokID
07.04.2021	Kommuneplan for Sogndal kommune 2021-2030 - samfunnsdelen	220915
07.04.2021	3-Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030.pdf	220917

Kort samandrag

Sogndal kommune har sendt samfunnsdelen til kommuneplanen på høyring. Høyringsperioden er fram til 07.05.2021. Sogndal kommune er regionsenter og største delen av vidaregåande-elevane frå Vik bur på hybel eller internat (Sygna) i Sogndal kommune. I tillegg er Sogndal den kommunen flest vikjer pendlar til for jobb. Statistikk for 2019 viser at 116 personar busett i Vik pendla til det som i dag er nye Sogndal kommune.



Utviklinga i Sogndal kommune er interessant for Vik kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Plan- og bygningslova.

Saksopplysningar

Planframlegget ligg vedlagt og er også tilgjengeleg på nettsida
<https://www.utfordrarbygda.no/>.

Framlegg til samfunnsdel gjer greie for «dette er oss – visjon, posisjon og verdiar» og «samfunns mål – kva samfunn ønskjer me?» der måla for Sogndal kommune er livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit.

I kapittel 4 i planen er det vist til 5 satsingsområde og korleis Sogndal kommune skal skape ønskja utvikling. Satsingsområda er:

- Best på oppvekst
- Skapt for aktiv livsstil
- Kompetansemiljø i eliteserien
- Fruktbare tettstader
- Utviklingslokomotiv i Sogn

For Vik kommune er det interessant å merke seg at under satsingsområde «Best på oppvekst» er det under «resultat – kva ønskjer me å oppnå» sett opp fylgjande for punkt «6. Gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv»:



6. Gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv	<ul style="list-style-type: none"> a. Gje brei og tidleg rådgjeving om moglegheiter etter ungdomsskulen i samarbeid med lokale utdanningsinstitusjonar og arbeidsgjevarar b. Vere pådrivar for god marknadsføring av det lokale vidaregåande- og studietilbodet og butilhøva i Sogndal c. Vere pådrivar for gode leigebustader for elevar og studentar d. Gje tilreisande elevar og studentar god informasjon om kommunen og tenestene våre e. Vere pådrivar for at skule- og studietilbodet i kommunen og arbeidsplassane i Sogn dreg vekslar på kvarandre f. Vere pådrivar for fleire læreplassar i Sogn i samarbeid med Sogn Næring g. Samarbeide med lokale arbeidsgjevarar og utdanningsinstitusjonar om arbeid og utdanning til unge utanfor skule og arbeidsliv
--	---

Største delen av vidaregåande-elevane frå Vik bur på hybel eller internat (Sygna) i Sogndal kommune. Det er derfor positivt at Sogndal kommune har fokus på denne gruppa som vist i punkt b – f i tabellen over.

Under satsingsområde «Utviklingslokomotiv i Sogn», har Sogndal kommune sett opp fylgjande under «resultat – kva ønskjer me å oppnå» for punkt «3. Samferdsle- og kommunikasjonsprosjekt i regionen vert prioriterte og realiserte»:

3. Samferdsle- og kommunikasjonsprosjekt i regionen vert prioriterte og realiserte	<ul style="list-style-type: none"> a. Bidra til at Sogn har tydelege prioriteringslister for samferdsle og kommunikasjon b. Prioritere arbeidet med bru mellom Mannheller og Fodnes for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman c. Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom Florø og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet d. Jobbe for tidleg og full utbygging av 5G i regionen e. Syte for å til ei kvar tid ha overskotskapasitet på fiber og straumnettet i regionen slik at det er rom for vidare utvikling f. Ta initiativ til eit utsleppsfritt og teknologidrive kollektiv- og mobilitetstilbod i indre Sogn g. Ta initiativ til samferdsletiltak som reduserer klimarisikoen for innbyggjarar og næringsliv i indre Sogn.
--	--

I nye Vestland fylke er Bergen den største byen. For Sogn er aksen Sogn-Bergen viktig. Den kortaste vegen frå Sogndal kommune til Bergen går via Vikafjellet. Ein prioritering av



aksen Sogn-Bergen med utbetring Leikanger – Hella, hyppig ferjefrekvens og tunnel under Vikafjellet, er viktig for Sogne-regionen. Adminstrasjonssentra for fylket er delt mellom Bergen og Leikanger. Prioritering av aksen Sogn-Bergen vil også knyta dei to administrasjonssentra for fylket tettare saman.

Økonomiske konsekvensar

Ingen.



Vår referanse 2020/59175-16
Dato 14.05.2021

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Protokoll frå fylkesutvalet si handsaming av utkast til Kommuneplanen sin samfunnsdel - 2021 2030 Sogndal kommune

Vi viser til dykkar brev av 24.03.2021 om offentleg ettersyn av utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen. Vi viser og til avtale om utsett frist.

I tråd med vårt reglement for folkevalde organ og delegering har saka vore til handsaming i Fylkesutvalet i møte 11.05.2021, FU-sak nr. 84/21.

Med helsing

Marianne Bugge
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I
VESTLAND

Njøsavegen 2

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	84/21	11.05.2021

Fråsegn til Kommuneplanen sin samfunnsdel – 2021- 2030 Sogndal kommune

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at samfunnsdelen for Sogndal set retning på det vidare planarbeidet i kommunen, og at måla i planen svarar godt til det skildra utfordringsbiletet. Koplinga mot vidare arbeid i sektorane og med handlingsdel/økonomiplan bør verte meir tydeleg for å sikre oppfølging av planen.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. Utviklingsplan for Vestland bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet slik at kommunen og fylkeskommunen dreg i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
3. Vestland fylkeskommune vil gi ros til kommunen for å ha gjennomført ein brei og kreativ medverknadsprosess som ligg til grunn for planutkastet. Det vil styrke planen å omtale dette meir.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi og prinsipp for økonomiplanen i planutkastet. Dette er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.
5. Under samfunns målet miljømedvit er klima og miljø vist som premis for alt kommunen gjer. Vi saknar kulturarvperspektivet under dette samfunns målet. Kulturarv tek opp i seg mykje av FN sin berekraftstenking og skapar ein identitet for lokalsamfunna.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021**Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at samfunnsdelen for Sogndal set retning på det vidare planarbeidet i kommunen, og at måla i planen svarar godt til det skildra utfordringsbiletet. Koplinga mot vidare arbeid i sektorane og med handlingsdel/økonomiplan bør verte meir tydeleg for å sikre oppfølging av planen.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. Utviklingsplan for Vestland bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet slik at kommunen og fylkeskommunen dreg i same retning for å oppnå berekraftsmåla.

3. Vestland fylkeskommune vil gi ros til kommunen for å ha gjennomført ein brei og kreativ medverknadsprosess som ligg til grunn for planutkastet. Det vil styrke planen å omtale dette meir.
4. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi og prinsipp for økonomiplanen i planutkastet. Dette er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.
5. Under samfunns målet miljømedvit er klima og miljø vist som premis for alt kommunen gjer. Vi saknar kulturarvperspektivet under dette samfunns målet. Kulturarv tek opp i seg mykje av FN sin berekraftstenking og skapar ein identitet for lokalsamfunna.

Samandrag

Samfunnsdelen som er på høyring har som overordna mål Livskvalitet, Miljømedvit og Skaparkraft. Samfunns måla er gjensidig avhengig av kvarandre og krev ei heilskapleg tenking. Plandokumentet er kortfatta og oversiktleg og har fem satsingsområde: Best på oppvekst, Skapt for aktiv livsstil, Kompetansemiljø i eliteserien, Fruktbare tettstader og Utviklingslokomotiv i Sogn. Det er gjennomført ein brei medverknadsprosess som planutkastet byggjer på. Kven som har medverka, korleis og på kva måte resultata av medverknaden er bygd inn i planen bør synleggjerast i dokumentet. Planen inneheld overordna arealstrategiar og prinsipp for økonomiplanen, som skal utgjere handlingsdelen av samfunnsdelen. Etter fylkesrådmannen sin vurdering svarar planen på utfordringsbiletet i kommunen, men Utviklingsplanen til Vestland og regionale planar er ikkje tatt med som føringar. Korleis planen skal takast vidare i arbeidet med sektorstrategiar og handlingdel/økonomiplan kjem ikkje tydeleg fram. Fylkesrådmannen har elles kommentarar til klima, jordvern, mobilitet/kollektiv, stadutvikling/ senterstruktur og kultur, idrett og inkludering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunen har lagt utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig ettersyn. Melding om oppstart og høyring av planprogram var på høyring sommaren 2020, og vi gav innspel til planarbeidet. Både planprogram og utkast til plan er diskutert i regionalt planforum. Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin viktigaste overordna plan. Den handlar om kva kommunen skal satse på, og vil vere førande for kommunen si verksemd.

Vedtakskompetanse: Etter «Reglement for folkevalde organ og delegering» punkt 41 om plan- og bygningslova, er det fylkesutvalet som har mynde til kome med uttale til utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vurderingar og verknader

Kopling til utviklingsplan for Vestland fylke og FN sine berekraftsmål

Regionale planar skal leggjast til grunn i kommunalt planarbeid. Dette er viktig for at kommunen og fylkeskommunen skal kunne jobbe mot felles mål i samfunnsutviklinga. FN sine berekraftsmål synleggjer at ein må sjå summen av tiltak i samanheng for å oppnå ei berekraftig utvikling.

Fylkeskommunen vedtok regional planstrategi; utviklingsplan for Vestland i september 2020. Her er det definert 4 hovudmål med strategiar:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

I utviklingsplanen er det teke utgangspunkt i utfordringane for fylket, og dei fire måla for utviklinga er basert på desse. Kwart mål er knytt opp til dei tre berekraftsfærane miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. På denne måten har ein i regional utviklingsplan søkt å fremje eit heilskapleg perspektiv på berekraftarbeidet, der alle berekraftutfordringane må sjåast i samanheng. Vi saknar ein omtale av koplinga mellom utviklingsplanen og samfunnsdelen til Sogndal i planutkastet. Det vi ser, og som vi tykkjer er positivt, er at mål, strategiar og arbeidsoppgåver som er fastsett i planutkastet til kommunen i stor grad samsvarer med våre. Det har nok mykje med at både kommunen og vi legg nasjonale forventningar til grunn, og at vi begge jobbar utifrå FN sine berekraftsmål. Det vil gjere at kommune og fylkeskommune framover kjem til å jobbe i ei felles retning, noko vi meiner er avgjerande viktig for å oppnå dei måla både kommunen og Vestland fylke har sett seg.

Samfunnsmåla er tufta på samla innspel frå innbyggjarane, og er i tillegg kommunen si konkretisering av FN sine berekraftsmål om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Det er lagt vekt på samspelet mellom dei tre måla, og at ein ikkje lukkast med det eine utan å lukkast med dei to andre. Det kan vere føremålsteneleg å kopla berekraftsmåla tydelegare til samfunnsmåla for å synleggjere synergjar og ev. målkonflikter betre. Til dømes kan ein sjå føre seg at satsingsområdet «utviklingslokomotiv i Sogn» med faktorar som vekst og folketalsutvikling kan ha i seg konflikter i høve samfunnsmålet Miljømedvit, der klima og miljø skal vere eit premiss. Ei tydelegare kopling kan òg gi eit betre grunnlag for å utvikla indikatorar knytt til måloppnåing for ulike strategiar og tiltak ein set i verk.

Visjon og samfunns mål

Samfunnsdelen er delt inn i hovudelement, der visjonen «Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn» skal vise retning for utviklinga fram til 2030, og posisjonen «Utfordrarbygda» skal setje Sogndal på kartet og vere med å styrke utviklingskrafta i alle bygdene i kommunen. Vidare har kommunen valt tre mål som skildrar samfunnet ein ønskjer seg i 2030: Livskvalitet, Skaparkraft og Miljømedvit. Dette er positive og slagkraftige signal for utviklinga av kommunen, og gir ei god råde for arbeidet.

Satsingsområde

Kap. 4 omhandlar satsingsområda. Det går fram av dokumentet at satsingsområda ligg innafor råde av dei tre samfunnsmåla som er sett, og er samla sett vurdert til å vere dei områda som gir best moglegheiter for å oppnå måla. Satsingsområda er:

Best på oppvekst
Skapt for aktiv livsstil
Kompetansemiljø i eliteserien
Fruktbare tettstader
Utviklingslokomotiv i Sogn

Dei fem satsingsområda er kort skildra, og kvart område er strukturert i tabellform med «resultat-kva ønskjer me å oppnå», som vi oppfattar som delmål, og «aktivitet - kva må gjerast for å oppnå det me ønskjer?», oppfatta som strategiar.

Under satsingsområdet «fruktbare tettstader» saknar vi strategiar for korleis samhandlinga og koplinga mellom dei ulike stadane bør vere. Kva funksjonar og kvalitetar har dei ulike stadane i kommunen, korleis utfyller dei kvarandre og kva utvikling bør satsast på i dette heilskaplege biletet. Korleis er forholdet mellom dei med tanke på mobilitet?

Dette er òg ein del av eit større tema, som vi saknar fokus på i samfunnsdelen: Korleis kan/har kommunen jobba seg godt saman. Kva ønskje og mål har kommunen for dette i 2030, kva delmål og strategiar kan føra til god samhandling og tilhøyrsløse i den nye storkommunen?

Handlingsdel

Under kap. 5 «Korleis realisere innhaldet i samfunnsplanen» står det om planhierarkiet i kommunen. Her går det fram at den lovpålagte handlingsdelen til samfunnsdelen skal vere ein del av økonomiplanen, noko plan- og bygningslova opnar for. Vidare går det fram at «*samfunnsdelen legg opp til endringar med konsekvensar for investeringar og drift av kommunen, og gjev føringar for økonomiplanarbeidet*». Det er sett opp ei liste i 26 pkt. med føringar for økonomiplanen, men vi saknar at plan-dokumentet seier noko om korleis kommunen vil jobba i høve dette, og korleis ein tenkjer å kople føringane frå samfunnsdelen til økonomiplanen. Føringane er sektorovergripande og det bør gå fram av planen korleis kommunen tenkjer å sikre at føringane vert implementert i budsjettarbeidet, kven som har ansvar for kva.

I planprogrammet til samfunnsdelen, pkt 6.2 går det fram at ein ut ifrå målsettingane ville arbeide med sektorstrategiar for kvart kommunalsjefområde. Sektorstrategiane skulle då ligga til grunn for verksemdplanar, utøving av arbeidet i sektorane og for økonomiplanarbeidet. Dette ville ha tydeleggjort og ansvarleggjort sektorane i høve oppfølging av mål i samfunnsdelen. For tydelegare kopling mellom føringane for økonomiplanarbeidet og måla og strategiane i samfunnsdelen kan ein òg vurdere å setje dei økonomiske føringane inn i tabellane i kap. 4, sortert under mål og strategiar som ligg til grunn for dei.

Arealstrategi

Under kap. 5 er det sett opp 28. punkt/prinsipp som skal ligga til grunn for arealdelen. For å gjere plandokumentet meir tydeleg på samhengane mellom mål og strategiar i samfunnsdelen og føringane for arealdelen, kan det vere føremålsteneleg å «sortere» prinsippa under satsingsområda og delmål og strategiar i kap. 4. Ein vil då få tydelegare fram kva dei ulike satsingsområda har av føringar for arealdelen.

Medverknad

Vegen fram til planutkastet har etter det vi forstår inkludert ein omfattande medverknadsprosess, kort skildra under kap. 1 «Noregs best samskapte plan?». Samfunnsplanen har ei eiga nettside, utfordrarbygda.no., der planutkastet er godt framstilt, og med moglegheiter for enkelt å gi høyringsuttale direkte kopla til nettsida. Det er flott at Sogndal har hatt, og har ambisjonar om brei medverknad for å skapa eit best mogleg grunnlag for ein omforeint plan for samfunnsutviklinga. Det hadde, slik vi ser det, vore ei styrke for planen om dette gikk tydelegare fram, og vi vil oppmoda om at kommunen oppsummerar medverknaden noko meir i planen. Kven har delteke, på kva måte og korleis er resultatata av medverknaden inkludert i planutkastet som no ligg føre.

Folkehelse

I eit folkehelseperspektiv teiknar samfunnsplanen for kommunen godt. Dette fordi det skal dykkast ned i folkehelseoversikta og få meir sikre data. Medverknad skal sikrast gjennom utvikling av ulike delplanar/tiltak. Sogndal skal bli ein samskapingskommune der stor vekt skal leggast på å jobbe tverrsektorielt. Sosial utjamning er (både direkte og indirekte) løfta fram - og ein kan lese dokumentet slik: meir/fleire treffsikke tiltak kan utformast etterkvart som ein får ei oppdatert

folkehelseoversikt i storkommunen. Med andre ord; dersom plan, framgangsmåte og tilnærming vert som skissert er dette bra i eit folkehelseperspektiv.

Klima

Klimaomstilling er godt inkludert i planen, og det går fram at kommunen vurderer klima som eit sektorovergripande tema.

Utsleppsreduksjon

Kommunen har hatt auke i klimagassutslepp dei siste åra. I kapittelet «Sogndal skal vere miljømedviten» står det at de skal kutte utsleppa i samsvar med nasjonale og internasjonale forpliktingar. Vestland fylkeskommune har i Utviklingsplanen for Vestland sett seg mål om nullutslepp innan 2030 (strategi 2.1). For å nå dette målet treng me alle kommunane med på laget, og på å jobbe mot same mål. Me oppmodar difor kommunen til å sette seg tilsvarende mål. Utsleppsmålet må talfestast med ein viss reduksjon innan eit målår. Det er og viktig at kommunen er tydeleg på kva målet gjeld- er det reduksjon innan kvotepliktig eller ikkje kvotepliktig sektor det er snakk om. Skal det takast utgangspunkt i dei direkte utsleppa, eller inkludere dei indirekte og. I tillegg bør målet om utsleppsreduksjon blir arbeida med, både for kommunen som organisasjon, men og for heile kommunen som geografisk område. Her har kommunen som samfunnsutviklar ei sentral rolle.

Kommunen har og ein negativ trend på opptak og utslepp frå skog og anna arealbruk, der det i 2015 er mindre opptak i skog enn i 2010. Her kan det vere relevant å sjå på tiltak innafør forvaltning av skog, og korleis dette kan bidra til utsleppsreduksjon.

Klimarisiko

Vi oppmodar kommunen også til å vurdere kvar klimarisiko kommunen kan vere utsett for, både fysisk, overgang, ansvar, gjennomføring og grenseoverskridande. Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet mot eit lågutsleppsamfunn, og arbeidet med dette er vesentleg for å minimere overgangsrisikoen for mellom anna næringslivet. Oversikt frå kommunalbanken viser at fleire næringar i kommunen har høg- eller svært høg alvorsgrad innan overgangsrisiko.

Kommunen si rolle

Klimaomstilling er eit leiaransvar, og ikkje eit ansvar som skal vere avhengig av lokale eldsjeler. Fylkeskommunen har utarbeida ei liste med tiltak for å redusere utslepp i kommunen. For å nå klima- og miljømåla kan det offentlege bidra gjennom innkjøp. Dette har kommunen inkludert under innsatsområdet: Fruktbare tettstader, nr. 4, bokstav h i tabellen. Kommunen er ein stor innkjøparar, og kan på denne måte etterlyse varer og tenester som tek omsyn til klimautfordringane.

Kommunen skal utarbeide klimabudsjett, og dette er eit bra tiltak for å arbeide med reduksjon av klimagassutslepp. Her er det viktig at det blir kopla til det årlege budsjettthjulet. Dette sikrar oppfølging og rapportering knytt til klimamåla som blir sett.

Innovasjon og næringsutvikling

Inntrykket er at kommunen jobbar godt med innovasjon og næringsutvikling. De er opptekne av skaparkraft, og i tillegg av å vere miljømedvitne generelt. Det kan vere endå meir tydeleg kopling mellom desse to, grøn næringsutvikling/grøn omstilling av næringsutvikling. Det ligg for så vidt til grunn, men kunne vore løfta/tydeleggjort endå meir. Vi viser til regional plan for innovasjon og næringsutvikling, som nyleg har vore til høyring.

Vi oppmodar i tillegg til å vere ambisiøse når det gjeld jordvern, gjerne i form av ein arealstrategi knytt til jordvern. Gjerne enda meir offensive her enn det kommunen har lagt til grunn, som etter slik vi forstår det er meir knytt til «gjenbruk» av jordressursane.

Mobilitet og kollektiv

Folkehelse og deltaking er løfta fram som viktige satsingsområde, og det skal leggast til rette for at lokalsamfunna skal innby til aktivitet og sosiale møte. Mellom anna er utvikling av tettstader med kompakt sentrumsstruktur, gode ferdselsårer og tiltak for å redusere biltrafikk trekt fram som viktige grep for å nå måla om livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit. I eit folkehelseperspektiv er også eit tilgjengeleg kollektivtilbod ein viktig faktor for å sikre deltaking også for grupper utan privatbil.

Samfunnsdelen viser til ei rekke prinsipp som skal leggast til grunn for arealdelen og sikre ønska utvikling. Fleire av prinsippa er knytt til arealeffektiv bygging, berekraftig mobilitet og planlegging

som har fokus på nærleik til gang-sykkeltilbod og kollektivpunkt. Ein slik utvikling vil vere i tråd med dei statlege planretningslinjene for samordna bustad, areal, og transportplanlegging (BATP). Vi meiner planforslaget på ein god måte viser korleis berekraftig og trygg mobilitet skal inngå i arealplanarbeidet. Det er viktig at kommunen følgjer intensjonane og prinsippa i samfunnsdelen i vidare arealplanlegging og utvikling av kommunen.

Kultur, idrett og inkludering

Vi viser til kulturlova §1 om offentlig styresmakt sitt ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd.

Planstrategien for kommunen viser ein prioritert kommunedelplan - fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne er gjeldande frå 2019 og skal reviderast i 2023. Dei tre tidlegare kommunane har utarbeidd kvar sin kulturminneplan, vi saknar status for desse i den nye kommunen. Utover dette er det ikkje planlagt eller skissert andre gjeldande planar for kulturfeltet. Vi forventar difor at den overordna kulturplanlegginga i kommunen vert gjort i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Framlegget til samfunnsdel er oversiktleg og fint presentert på utfordrarbygda.no. Kommunen skal ha ros for ein lett tilgjengeleg presentasjon av ulike tema. Det er likevel fint at det også finst ein pdf som viser eit heilskapleg dokument.

Under samfunnsmålet miljømedvit er klima, miljø vist som premis for alt ein gjer. Vi saknar kulturarvperspektivet som eit naturleg tema under dette samfunnsmålet. Kulturarv tek opp i seg mykje av FN sin berekraftstenking og skapar ein identitet for lokalsamfunna.

Under satsingsområde best på oppvekst saknar vi fokus på kommunen sine eigne tilbod innan den kulturelle grunnmuren. Korleis kan ein utvikle og styrke kulturskule, kulturhus og møteplassar, bibliotek, den kulturelle skulesekken til å bidra til gode oppvekstvilkår. Korleis kan kommunen samhandle med frivillig sektor og profesjonell kunst og kultur til å utvikle eit best mogleg samfunn for alle?

Vi forventar at inkludering og integrering er eit tema i samfunnsdelen. Det er viktig å skape inkluderande og opne lokalsamfunn, med brei deltaking i samfunn- og arbeidsliv. Kommunen deltek i prosjektet Sogn for alle der ein satsar heilskapleg på integrering av innvandrarar. Vi saknar ei heilskapleg tilnærming til inkludering og integrering av særlege grupper i samfunnsplanen.

Kommunen har eit høgt fokus på ein aktiv livsstil og tilrettelegging for idrett og friluftsliv har eit høgt fokus i planen, her er ein godt dekkja i tillegg til ein eigen kommunedelplan for området.

Samfunnsdelen bør ha arealstrategiar for å sikre friluftsområde og viktig kulturmiljø for allmenta.

Økonomi: Saka har ingen verknader for fylkeskommunal økonomi.

Klima: Samfunnsdelen til kommuneplanen har ingen direkte verknader på målet om å redusere utsleppa av klimagassar i Vestland. Men, planen er med på å setje føringar for det vidare planarbeidet i kommunen, inkludert handlingsdel med økonomiplan, og kan på det viset vere med å påverke i kva grad kommunen vil verte i stand til å bidra til å nå klimamålet.

Folkehelse: Samfunnsdelen til kommuneplanen er med på å sjå dei ulike verksemdsområda til kommunen i samanheng, og medverke til at det vert lettare å jobbe tverrsektorielt med folkehelse og inkludering.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Planutkastet er tufta på FN sine berekraftsmål, men tek ikkje utgangspunkt i Utviklingsplan for Vestland, og det er påpeikt i uttalen. Men, planutkastet tek opp og diskuterer eit breitt utval av ulike samfunnsoppgåver, og er eit grunnlag for kommunen til å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland.

Konklusjon

Kommunen har lagt fram eit plandokument som er kortfatta og oversiktleg. Det er lett å få innblikk i korleis kommunen tenkjer, og kva dei ønskjer med arbeidet. Vi har i vår uttale innspel til mellom anna koplinga mellom samfunnsdelen og handlingsplanen/økonomiplanen, klima, jordvern, stadutvikling/senterstruktur, mobilitet/kollektiv og kultur, idrett og inkludering. Vi vil oppmode kommunen til å legge Utviklingsplan for Vestland til grunn i det vidare planarbeidet, slik at kommunale og fylkeskommunale mål og strategiar i størst mogleg grad går i same retning.